

Konsekvensutgreiing for Dalstø - Mjåtveitstø

Områderegulering for Dalstø - Mjåtveitstø
gnr./bnr. 18/1, 19/67, 22/254, 22/255 m.fl.
Arealplan-ID 4631_20170002, Alver kommune

Ard
arealplan



Innhald

1	Innleiing.....	2
1.1.	Tilhøve til overordna planer, rammer og retningsliner.....	2
2	Behov og mål med konsekvensutgreiinga	5
3	Metode for ikkje-prisette konsekvensar	6
4	Utgreiingsalternativ	10
4.1	Utgreiingstema	12
5	Kulturarv	13
6	Friluftsliv/by- og bygdeliv	24
7	Naturmangfald	33
8	Landskapsbilete	42
9	Naturressursar.....	53
10	Samla konsekvens for ikkje-prisette tema	61
11	Oppsummering og samla vurdering (ikkje-teknisk samandrag).....	61
12	Skadereduserande tiltak/avbøtande tiltak.....	62

VURDERING ETTER FORSKRIFT OM KONSEKVENsutGREIING 1. 1

1 Innleiing

Denne konsekvensutgreiinga er del av områdeplan Mjåtveitstø/Dalstø, og gjeld dei areala som ikkje er i samsvar med kommunedelplan for Meland kommune (no Alver kommune).

For planarbeidet på Dalstø Mjåtveitstø har det fyrst vore vurdert om det skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing for heile området. Området er stort og det er i overordna plan (kommuneplanen for Meland kommune) lagt til rette for at det kan byggast bustader. Bustadområda er markert som B8 og B9 i kommuneplanen. Planforslaget er hovudsakleg i tråd med overordna planar, og difor er berre mindre delar av området omfatta av kravet om konsekvensutgreiing.

Konsekvensutgreiinga er utarbeidd i tråd med Statens vegvesen si handbok V712. Konsekvensanalysen skal danne grunnlag for å tilrå val av løysing, og den skal tydeleggjere relevante konsekvensar og vurdere ulike alternativ. Reguleringsplanar etter vedlegg II i forskrifta kan som i dette tilfelle krevje konsekvensutgreiing dersom det vurderast å ha vesentlege verknadar for samfunn og miljø. Dette gjeld der det konkrete tiltaket ikkje er utgreidd i ein tidlegare plan. For desse planane kan metoden i handbok V712 nyttast så langt den er relevant.

I KU-forskrifta er det presisert at utgreiinga sitt innhald og omfang skal vere tilpassa den aktuelle planen og vere relevant for dei slutningar som treffast, og at utgreiinga skal ta utgangspunkt i tilgjengeleg informasjon. Der det manglar viktig informasjon, skal ny informasjon hentast inn.

Ut over å skildra planen sine konsekvensar for miljø og samfunn skal utgreiinga og omtale dei tiltaka som er planlagt for å unngå, avgrense, sette i stand og viss mogleg kompensere for vesentlege skadeverknadar for miljø og samfunn i bygge- og driftsfasen. Skadereduserande tiltak er eit sentralt punkt i alle tema.


Utgreiinga skildrar konsekvensar av planforslaget med etablering av barnehage og nokre bustadar sør i området, for temaet kulturarv (kulturlandskap og kulturminne), for temaet friluftsliv/by- og bygdeliv, for temaet naturmangfald, landskapsbilete og for naturressursar. Alternativa som skal konsekvensutgreiast er dagens situasjon (alternativ 0) og eit utbyggingsalternativ (alternativ 1). Der kor ikkje anna er spesifisert i teksten, er vurderingar basert på føreliggande grunnlagsmateriale.

Det er utarbeida eigne fagrapportar for tema kulturminne og tema naturmangfald. Desse rapportane er nytta i denne konsekvensutgreiinga. For fullstendige fagrapportar visast det til vedlegg.


Utgangspunktet for konsekvensutgreiinga er spesielt behovet for å etablere ein barnehage i nærleiken av garden Mjåtveitstø, og i nærleiken til den framtidige bustadutbygginga i området. Konsekvensutgreiinga tar utgangspunkt i tema frå ikkje-prisette konsekvensar i handbok V712. Den ikkje-prisette metoden er basert på ein kvalitativ analysemetode.

1.1. Tilhøve til overordna planer, rammer og retningsliner

Her omtalast fyrst overordna planer for heile planområdet, deretter omtalast spesifikt områda som skal utgreiast i høve til overordna plan.



Figur 1. Kommuneplanens arealdel.



Figur 2. Kartet i figuren over viser området i gult som er sett av til bustad i kommuneplanen, og området i grønt som ikkje er sett av til bustad i kommuneplanen. Konsekvensutgreiinga omfattar areala vist som B, C, D, E og F (areal vist som A og G er sett av til grøne føremål i forslag til områdeplan).

Statlege rammer og føringar

Statlege planretningslinjer etter plan- og bygningslova §6-2 skildrar nasjonal politikk som det er spesielt viktig å følgje opp i planlegginga. Retningslinjene skal leggjast til grunn ved all planlegging etter plan- og bygningslova.

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing

Kommunane, fylkeskommunane og staten skal gjennom planlegging og myndigheits- og verksemdsutøving stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, og dessutan auke miljøvenleg energiomlegging. Planlegginga skal og bidra til at samfunnet forberast og betre tilpassast klimaendringane (klimatilpassing).

Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging

Dei statlege retningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging har som mål at stads- og byutvikling vert tilpassa dei lokale tilhøva. Dette gjeld også for transportsystemet som skal utviklast slik at dei fremmar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessige gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bustadmiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Det skal leggjast til grunn eit langsiktig, berekraftig perspektiv i planlegginga.

Rikspolitiske retningslinjer for styrking av barn og unges interesser i planlegging

Retningslinjene for barn og unges interesser i planlegging har som mål å sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar. Det skal sikrast at oppvekstmiljøet har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid samsvarar med eksisterande kunnskap om barn og unge sine behov.

- Areal som skal nyttast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare
- I nærmiljøet skal det finnast areal kor barn skal utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø
- Kommunen skal sørge for at det skaffast fullverdig erstatningsareal ved omdisponering av areal som barn brukar uavhengig av reguleringsstatus dersom slike område byggast ned. Eit slikt krav kan overførast til utbyggar.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona

Retningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona har som mål å ta i vare interessa til ålmenta langs sjøen. Retningslinjene legg opp til sterkare vern av strandsona i sentrale område der presset på areala er stort. Etter PBL av 27.juni 2008 er det satt forbod mot bygging og tiltak i 100 metersbeltet langs sjøen. Forbodet gjeld ikkje der det er sett anna byggjegrænse i kommuneplanen sin arealdel eller i reguleringsplan, eller der det er gjeve føresegner etter PBL §11-11 nr.4.

Retningslinjene skal bidra til at det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona og at unødvendig bygging langs sjøen vert latt vere, jf. plan- og bygningsloven

(pbl.) § 1-8. Strandsona gjev grunnlag for næring og busetting langs kysten, og god arealplanlegging kan gje grunnlag for økt verdiskaping og fleire lønnsame arbeidsplassar.

Retningslinjene skal bidra til ein geografisk differensiering gjennom planlegging. Retningslinjene er strengast der utbyggingspresset er stort og verneverdiane er høgast. Landet er delt inn i tre sonar med ulike føringar. Delar av Alver kommune (Lindås og Meland) vert omfatta av sone 2. Planretningslina er i tillegg oppdatert 28.05.21 med eit nytt tillegg: Strandsoneforvaltninga skal bidra til ein bærekraftig utvikling i tråd med FN's bærekraftsmål.

Retningslina for arealplanlegging og utbygging i faresoner (eit rundskriv - ikkje ei statleg planretningsline)

Retningslinjene skal bidra til at flaum- og skredfare er kartlagt og tatt omsyn til i arealplanar. Retningslinjene gjeld for fare knytt til alle typar flaum-, erosjons- og skredprosessar, og flodbølger som kan oppstå som følge av skred. "Håndtering av havnivåstigning i kommunal planlegging" frå Klimatilpassing Norge gir råd for korleis kommunane kan ta omsyn til stormflod og venta havnivåstigning i arealplanlegginga.

Retningslinjene for flaum- og skredfare i arealplanar bygger på føresegnene i plan- og bygningslova, og krava til tryggleik mot flaum og skred som er gitt i byggteknisk forskrift med tilhøyrande rettleiing. Retningslinjene bør leggast til grunn ved arealplanlegging i område som kan verte utsette for eller føre til fare. Arealplanlegging som tek omsyn til naturfarar er det viktigaste verkemiddelet for å redusere faren for tap og skader ved naturulukker. Den beste måten å førebygge skader på er å unngå å bygge i fareutsette område. Retningslinjene skildrar kva slags flaum-, erosjons- og skredprosessar som kan utgjere fare og korleis farane bør greiast ut og takast omsyn til i plankart og planføresegner.

Retningslina for handsaming av støy i arealplanlegging

Retningslina har som mål å førebygge støyplagar og ta i vare natur- og friluftsområde som er stille og lite påverka av støy gjennom å tilrå etablering av støysoner som skal sikre at støyutsette områder rundt eksisterande støykjelde vert synleggjort. I tillegg skal retningslinjene gje råd om kor busetnad med støyfølsam bruksformål ikkje bør etablerast, og kor etablering berre kan skje med særskilte avbøtande tiltak. Til slutt skal retningslinjene gje tilråding for støygrensar ved etablering av nye støykjelder, slik at desse vert lokalisert og utforma med tanke på å hindre nye støyplagar.

2 Behov og mål med konsekvensutgreiinga

Sentralt i områdeplanen ligg arealet som ein ynskjer å nytte som område for framtidig gards- og friluftsbarnehage med tilknytt infrastruktur. I infrastruktur inngår mellom anna eit gangvegssystem som knyt dei tilgrensande bustadfeltene til barnehagen, og til den universelt utforma turvegen langs med kysten. Arealet som ein ynskjer å nytte til barnehageområde ligg på ein flate, og har ein naturleg tilknytning til gardsområdet på Mjåtveitstø, då området er del av ein dal ned mot gards- og kystområdet.

I områdeplanen er det eit mål om å leggje til rette for ein gards- og friluftsbarnehage, i arealet som i hovudsak er sett av til LNFR-areal i KPA. Det har ikkje vore vurdert andre alternativ til plassering av barnehagen. Det er behov for barnehagar i Meland, og det vil vere eit spesifikt behov for ein barnehage i planområdet, som følgje av framtidig bustadbygging og familiane som skal etablere seg her. Etablering av ein barnehage er eit tiltaksutløysande behov, det vil sei at dette er viktig for gjennomføring av planen.

Gardsområdet på Mjåtveitstø vert i dag brukt av nærliggande barnehage, noko som er ein sær god kvalitet for barna. Ein ynskjer å vidareutvikla denne bruken, då ein ny barnehage i dette området vil få direkte nærleik til store friluft- og naturområde. I arbeidet med områdeplanen er det planlagt fleire gang- og sykkelveggar inn mot plasseringa av gards- og friluftsbarnehagen. Ein barnehage plassert i randsona mellom bustadområdet og grønstruktur vil gje gode høve for tilkomst fots og med sykkel, og vil slik bidra til mindre bilbruk.

Barnehagar av typen natur- og gardsbarnehage vil kunne gje barn naturopplevingar som pregar deira respekt og forståing av å ta vare på natur og miljø. Ein barnehage plassert i randsona mellom bustadområdet og grønstruktur vil gje svært gode høve for tilkomst til naturområdet for både barnehagebarna og for barn og unge i området elles.

Forsking gjort på barnehagar i Noreg syner at barnehagar som ligg i tilknytning til natur har store positive gevinstar for barn¹. Gevinstane synast å vere nær sagt altomfattande, både fysisk, sosialt og psykisk. Undersøkingar synar òg at dei positive gevinstane gjer seg gjeldande vidare i barne- og ungdomsåra.² Ei

¹ <https://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/15449/thesis.pdf?sequence=1&isAllowed=y> (s.67)

² <https://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/15449/thesis.pdf?sequence=1&isAllowed=y> (s.67)

etablering av ein barnehage der ein disponerer så store friluftareal, gardshus og tilgang til sjø vil vere unikt i nasjonal samanheng.

Ved bygging av ein barnehage vil ein òg kunne leggja til rette for ein parkeringsplass for sykkel og bil, som vil vere allmenn tilgjengeleg utanom barnehagen sine opningstider. På ettermiddag og kveldstid, og i helgar, vil parkeringsplassen vere eit godt tilbod for besøkande som vil nytte seg av rekreasjons- og friluftstilboda i området. Frå parkeringsplassen vil det vere god kopling mot gardsområdet på Mjåtveitstø, kyststien (turløype i terreng nærmast kysten), universelt utforma tursti (grusa turløype med slak stigning, som vil ligge nærmare bustadområda), og kystområda. Parkeringsplassen vil såleis vere eit positivt tiltak for folkehelsa, sjølv om det kan føre til noko meir biltrafikk til området. Bergen og Omland Friluftsråd har i merknad til planarbeidet spelt inn om det kan verte bygd ein parkeringsplass innanfor planområdet som kan fungera som ein sambruksløyse, og viser mellom anna til Elvavika friluftsområde omtrent 600 meter i luftline aust frå planområdet som ikkje har offentlege parkeringsmoglegheiter.

Når det gjeld nye bustadar som vert planlagt i område sett av til grøne føremål i kommuneplanen, er dette gjort fordi terrenget gjer det naudsynt å plassere bustadar her. Det er difor eit mål om å få etablert bustadar på dette arealet.

Det er og areal innanfor område som er sett av til bustad i KPA som ikkje er eigna godt nok til dette føremålet, grunna terrenget. Dette arealet er difor sett av til grøne føremål i områdeplanen.

3 Metode for ikkje-prisette konsekvensar

Den ikkje-prisette metoden i handbok V712 skal gje ei fagleg, systematisk og einskapleg analyse av dei konsekvensane eit tiltak vil medføre innan dei fem fagtemaa:

- *Kulturarv*
- *Friluftsliv/by- og bygdeliv*
- *Naturmangfald*
- *Landskapsbilete*
- *Naturressursar*

Vurderinga skal gjerast i tre trinn. Dei to første trinna vert gjort for kvart fagtema, Mens i det tredje trinnet vurderast samla konsekvens av dei fem fagtema.

Trinn 1: Konsekvens for delområde

- Inndeling av einskapleg delområde
- Verdikart
- Vurdering av tiltaket sin påverknad
- Konsekvens for delområde

Trinn 2: Konsekvens av alternativ

- Konsekvens for delområde
- Samla vurdering av konsekvens av kvart alternativ
- Rangering av alternativ

Trinn 3: Samla konsekvens for alle tema

- Konsekvens for alle tema settast i tabell
- Vurdering av samla konsekvens av kvart alternativ
- Rangering av alternativ

Verdivurderingane skal vere delt i fem som vist i figuren under. Nyansar i vurderingane skal kome fram ved at pila kan flyttast på lina. Lina skal vere samanfallande med x-aksen i konsekvensvifta.




Figur 3. Linjal for verdivurdering (døme frå handbok V712)

I alle temakapitla i konsekvensutgreiinga er det skildra verdikriterium for kvart fagtema.

Påverknad er eit uttrykk for endringar som det aktuelle tiltaket vil føre til. Vurderingar av påverknad skal relaterast til den ferdig etablerte situasjonen. Inngrep som vert utført i anleggsperioden skal berre inngå i vurderinga dersom inngrepa gir varige endringar. Midlertidig påverking i anleggsperioden kan omtalast separat under kvart deltema.


Vurdering av påverking skal gjerast for alle dei verdivurderte områda. Skalaen går frå sterkt forringa til forbedra, som vist i figur 4 under. Inga endring utgjer nullpunktet på denne skalaen. Ubetydeleg endring representerer påverking nær null.



Figur 4. Skala for påverknad (døme frå handbok V712).

Under kvart fagtema er det vist til kriterium som utgjer graden av påverknad.

Konsekvensgraden kjem fram ved samanstilling av vurderingane av verdi og påverknad. Dette vert gjort etter konsekvensvifta i figur 5 under. I denne matrisa utgjer verdiskalaen x-aksen, og påverking går fram av y-aksen.



Figur 5. Konsekvensvifta: konsekvensen kjem frem ved å samanstille grad av verdi i x-aksen med grad av påverknad i y-aksen.

Skalaen for konsekvens går frå 4 minus til 4 pluss vist i figur 6 under. Dei negative konsekvensgradane er knytt til verdiforringing, mens dei positive konsekvensgradane legg til grunn ei verdiauke etter at tiltaket er realisert.

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
----	4 minus (----)	Den mest alvorlige miljøskaden som kan oppnås for delområdet. Gjelder kun for delområder med stor eller svært stor verdi.
---	3 minus (---)	Alvorlig miljøskade for delområdet.
--	2 minus (--)	Betydelig miljøskade for delområdet.
-	1 minus (-)	Noe miljøskade for delområdet.
0	Ingen/ubetydelig (0)	Ubetydelig miljøskade for delområdet.
+ / ++	1 pluss (+) 2 pluss (++)	Miljøgevinst for delområdet: Noe forbedring (+), betydelig miljøforbedring (++)
+++ / ++++	3 pluss (+++) 4 pluss (++++)	Benyttes i hovedsak der delområder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket.

Figur 6. Skala og rettleiing for konsekvensvurdering.

I tråd med konsekvensvifta og rettleiinga vist over, er det berre mogleg å nå dei mest negative konsekvensgradane for område med stort og svært stor verdi. Tilsvarande vil dei mest positive konsekvensane hovudsakleg vere halda av for store forbedringar i område i verdiklassane ubetydeleg verdi eller noko verdi.

Etter at konsekvens for kvart delområde er utgreia, skal det gjerast ei samla konsekvensvurdering av kvart alternativ i trinn 2. Vurderinga av delområdet inngår først i ein tabell, for deretter å verte nytta i ei samla vurdering av konsekvensgraden for alternativa. Vurderinga skal grunnjevast.

Skala	Trinn 2: Kriterier for fastsettelse av konsekvens for hvert alternativ
Kritisk negativ konsekvens	Svært stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Stor andel av strekning har særlig høy konfliktgrad. Vanligvis flere delområder med konsekvensgrad 4 minus (- - -). Brukes unntaksvis
Svært stor negativ konsekvens	Stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Vanligvis har stor andel av strekningen høy konfliktgrad. Det finnes delområder med konsekvensgrad 4 minus (- - -), og typisk vil det være flere/mange områder med tre minus (- -).
Stor negativ konsekvens	Flere alvorlige konfliktpunkter for temaet. Typisk vil flere delområder ha konsekvensgrad 3 minus (- -).
Middels negativ konsekvens	Delområder med konsekvensgrad 2 minus (-) dominerer. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Noe negativ konsekvens	Liten andel av strekning med konflikter. Delområder har lave konsekvensgrader, typisk vil konsekvensgrad 1 minus (-), dominere. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Ubetydelig konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlig endring fra referansesituasjonen (referansealternativet). Det er få konflikter og ingen konflikter med høye konsekvensgrader.
Positiv konsekvens	I sum er alternativet en forbedring for temaet. Delområder med positiv konsekvensgrad finnes. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.
Stor positiv konsekvens	Stor forbedring for temaet. Mange eller særlig store/viktige delområder med positiv konsekvensgrad. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.

Figur 7. Kriteria for fastsetting av konsekvens for kvart alternativ.

I trinn 3 i konsekvensutgreiinga skal konsekvens for kvart fagtema først inn i ein tabell. Vurderinga av samla konsekvens skal grunnjevast og verknadar skildrast. Dette er gjort i det avsluttande kapittelet i denne konsekvensutgreiinga. Figur 8 under gjev døme på tabell med konsekvens for kvart fagtema og figur 9 under viser kriteria for den samla vurderinga.

Tabell trinn 3	Referansealternativ	Alternativ A	Alternativ B	Alternativ C	Alternativ D
Landskapsbilde	0				
Friluftsliv / by- og bygdlev	0				
Kulturarv	0				
Naturmangfold	0				
Naturressurser	0				
Avveining					
Samlet vurdering	0				
Rangering					
Forklaring til rangering					

Figur 8. Tabell for samla konsekvens for dei ikkje-prisette tema.


Skala	Trinn 3: Kriterier for fastsettelse av samlet konsekvens for ikke-prissatte temaer
Kritisk negativ konsekvens	Alternativet medfører svært alvorlig miljøskade. Brukes unntaksvis. Minst ett av de fem temaene har kritisk negativ konsekvens
Svært stor negativ konsekvens	Alternativet vil medføre svært stor miljøskade. Minst to av de fem temaene har svært stor negativ konsekvens
Stor negativ konsekvens	Alternativet vil medføre stor miljøskade. Minst to av de fem temaene har stor negativ konsekvens
Middels negativ konsekvens	Alternativet er vesentlig dårligere enn referansealternativet Minst to av de fem temaene har middels negativ konsekvens
Noe negativ konsekvens	Alternativet er noe dårligere enn referansealternativet Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, ingen temaer kan ha dårligere
Ubetydelig konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlig endring fra referansealternativet Positive og negative konsekvenser oppveier hverandre. Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, ingen temaer kan ha dårligere.
Positiv konsekvens	Alternativet vil være bedre enn referansealternativet Minst to temaer med positiv konsekvens. Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, ingen temaer kan ha dårligere
Stor positiv konsekvens	Alternativet vil være vesentlig bedre enn referansealternativet Overvekt av temaer med positiv konsekvens. Ingen temaer kan ha dårligere enn noe negativ konsekvens.

Figur 9. Kriteria for samla vurdering av ikkje-prissatte tema.

Avgrensinga av influensområde er omtala og vist under kvart tema i konsekvensutgreiinga.

4 Utgreiingsalternativ

Det er naudsynt å vurdere to ulike alternativ i konsekvensutgreiinga. Det eine alternativet er det same som dagens situasjon, det vil seie at det ikkje kan leggst til rette for ei utbygging på desse areala. Dette alternativet er referansealternativet. Det andre alternativet fører til ei utbygging med barnehage og nokre bustadar i areal som er sett av til LNFR i kommuneplanens arealdel. Alternativet med ingen utbygging kallar vi for alternativ 0, referansealternativet som skildrar dagens situasjon. Alternativet med utbygging kallar vi for alternativ 1.



Figur 10. Områda vist med nummerering 1 til 5, er delområda som skal konsekvensutgreiast.

Alternativ 0 (referansealternativet)

Alternativ 0 er ei vidareføring av dagens situasjon, som i praksis tyder at det ikkje vil vert gjennomført tiltak i desse områda. Områda vil vere som i dagens situasjon, utan utbygging.

Alternativ 1

Alternativet medfører utvikling av delområda, til utbygging av barnehage og bustader.

4.1 Utgreiingstema

Tema	
Kulturarv	Synfaring og fotografi Arkeologisk registrering Kulturminnedokumentasjon - Steingardar - Kistegrøft (kisteveit): gammalt dreneringssystem
Friluftsliv/by- og bygdeliv	Synfaring og kart Barnetråkk-registrering «Ganglajet» Informasjon frå barnehagen i området
Naturmangfald	Rapport frå Rådgivende biologer
Landskapsbilete	Synfaring, fotografi og kart 3D-modellering
Naturressursar	Synfaring, rapportar og kart Informasjon frå lokalkjende

5 Kulturarv

Kulturminne og kulturmiljø er verna etter Lov om kulturminner (kulml). Kulturminne er i lovas §2 første ledd definert som «alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til». Kulturmiljø er i andre ledd definert «områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng». Kulturhistoriske landskap skal i denne sammenheng forståast som større samanhengande område med kulturmiljø, der den kulturhistoriske dimensjonen er vesentleg, jf. handboka for konsekvensanalysar.


Fagtema kulturarv omfattar spor etter menneske si verksemd gjennom historia, knytt til kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap. Kulturarv er definert som materielle og immaterielle spor etter menneske si verksemd. Tema kulturarv omfattast av følgende deltema:

- *Kulturminne*
- *Kulturmiljø*
- *Kulturhistoriske landskap*

Kulturminnelova regulerer forvaltninga av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Føremålet med kulturminnelova er å sikra vern av kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon både som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning.

Innleiingsvis i utgreiinga av tema kulturarv gjev vi ei overordna skildring og vurdering av områdets særlege verdi. Utgreiinga og skildringa er kortfatta og gjer ein oversikt over typiske utviklingstrekk for området. Viktige samanhengar går fram av skildringa. Det er i skildringa og i vurderinga både tatt utgangspunkt i kulturminnedokumentasjonen utarbeidd av Historikarverksemda (2018) og Fylkeskonservator si arkeologiske registrering i eit av delområda.

Fylkeskonservator har i si fråsegn presisert at verknaden av planen på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eit av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi for kvar av dei. Her er det også viktig å få fram alle slike typar kulturminne; som steingardar, gamle ferdslsårar, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap.



I dokumentasjonen frå Historikarverksemda er det nemnd og skildra ei rekkje bygningsmiljø innanfor planområdet. Forutan bygningsmiljøa finst det fleire kulturminne i den gamle utmarka innanfor planområdet

som vitnar om den eldre jordbruksaktiviteten på Mjåtveit. Fylkeskonservator si arkeologiske registrering vart gjennomført 22.10 - 25.10.18 og det blei ikkje påvist funn av automatisk freda kulturminne. ³

I samband med registreringa blei Fylkeskonservator merksam på dei heilskaplege kulturlandskapstrekka også nord (sjå figur 11 henta frå side 16 i rapport 28 frå Hordaland fylkeskommune) for det som i dag er regulert til omsynssone kulturmiljø/kulturminne i kommuneplanens arealdel (sjå side 13), mellom anna med dei særleg intakte veitene i området. Fylkeskonservator ber om at desse særskilte kulturlandskapstrekka vert sikra ved at føremålet i kommuneplanens arealdel vert vidareført som LNF-område, og omsynssone bevaring kulturmiljø blir utvida til også å omfatte desse viktige kulturminna. Fylkeskonservator presiserer at det er viktig at ein ser heile området som eit samla kulturlandskap.

Kulturarv: Delområde og influensområde

Delområda og influensområda utgjer utgreiingsområdet. Influensområdet har vi definert som sjølve planområdet i tillegg til garden Mjåtveitstø og området ned til sjøen. Heile dette området er dokumentert i kulturminnedokumentasjonen utarbeidd av Historikarverksemda (2018).

Innmarka til gardsbruket Mjåtveitstøen utgjer det eldste bygningsmiljøet innanfor planområdet og består av tre driftsbygningar knytt til jordbruket, eit våningshus, eit sjøbruksmiljø med seks naust og ei brygge med servicebygg. Området er gjerda inn med ein steingard frå andre halvdel av 1800-talet, og det er restar etter ei gamal løe innanfor området (sjå figur 12 under). Våre delområde er lokalisert utanfor steingarden. Området innanfor steingarden er tatt ut av planområdet etter oppstart av planarbeidet, fordi det ikkje er planlagt for tiltak på garden og innmarka på Mjåtveitstøen.



Figur 12. Garden Mjåtveitstøen med steingarden rundt innmarka (raud strek), bilete frå 1966 til venstre og bilete frå 2015 til høgre (Historikarverksemda kulturminnedokumentasjon datert august 2019).

Truleg går nokre av driftsbygningane tilbake til 1838, då garden blei teke opp som husmannsplass, medan sjøbruksmiljøet nede i støa truleg er mykje eldre. Det har inntil nyleg vore gardsdrift på Mjåtveitstøen og det er endra driftsform til barnehage i 2016. Driftsforma har ikkje endra bygningsmiljøet eller kulturlandskapet på garden nemneverdig. Bygningsmiljøet vitnar framleis om jord- og sjøbruket som har dominert historia til kystgarden, og Mjåtveit brygge vitnar om staden som tidlegare knutepunkt for kommunikasjonane på Mjåtveit (Historikarverksemda kulturminnedokumentasjon datert august 2019).

Forutan bygningsmiljøa som er nemnt ovanfor finst det fleire kulturminne i den gamle utmarka innanfor planområdet som og vitnar om den eldre jordbruksaktiviteten på Mjåtveit. Rett aust for innmarka til Mjåtveitstøen står det i dag ein ruin av ein sommarflor i tørreledd stein. Floren var eit fjøs i utmarka for sauer og geiter. Tufta er SEFRAK-registrert og tidfesta til 1800-talet. Plasseringa av floren rett utanfor steingarden

som avgrensar innmarka til Mjåtveitstøen tyder på at floren er frå tida før innmarka blei rydda i første halvdel av hundreåret (Historikarverksemda kulturminnedokumentasjon datert august 2019).



Figur 13. Sommarfloren (Historikarverksemda kulturminnedokumentasjon datert august 2019).

Ved Klettane ligg eit torvhus i tørrlodd stein. Klettane var ei av dei beste torvmyrene på Mjåtveit og alle brukarane hadde teigar i myra frå gamalt av. Grunnen tyder på at dette har vore eit typisk torvhus med dobbel mur mot nord. Torvhusa blei nytta som lagrings- og tørkeplass før torva blei transportert til bruka, og var naudsynte på gardar som nytta torv som brensel. Konstruksjonar av stein eigna seg til føremålet. Det er vanskeleg å seie kor gamalt dette torvhuset er, men det er truleg frå tida før utskiftinga av garden i 1889 (Historikarverksemda kulturminnedokumentasjon datert august 2019).



Figur 14. Torvhuset (Historikarverksemda kulturminnedokumentasjon datert august 2019).

Nordvest for innmarka til Mjåtveitstøen ligg det ein ruin av det som anten har vore ein utmarksflor eller eit torvhus. Som dei to andre grunnane nemnd over, kan også denne grunnen potensielt vere gamal. Han skriv seg

truleg frå tida då utmarka var teigblanda før utskiftinga i 1889 (Historikarverksemda kulturminnedokumentasjon datert august 2019).



Figur 15. Floren/torvhuset (Historikarverksemda kulturminnedokumentasjon datert august 2019).

Alle dei tre kulturminna som er skildra over (sommarflor, torvhus og flor/torvhus) er vist på oversiktsbilete under. Ingen av desse er lokalisert innanfor delområda.



Figur 16. Lokalitetane til dei tre grunnane i utmarka er markert med raud ring- øvst torvhuset, i midten floren/torvhuset og nedst sommarfloren (Historikarverksemda). Delområda som skal konsekvensutgreiast er vist med tal frå 1 til 5.

Registreringskategoriar

Ved utarbeiding av reguleringsplan med konsekvensutgreiing skal det vurderast detaljert kva område som er aktuelle å undersøke og kva metode som er mest hensiktsmessig å nytte. Synfaring i felt kombinert med registreringar og anna kunnskap vil nyttast som metode i fagtemaet kulturarv. I vårt tilfelle er delområda definert i høve til overordna plan. Delområda er per i dag ikkje sett av til byggeområde, og må difor konsekvensutgreiast, jf forskrift om konsekvensutgreiing §6.

Kravet om arkeologiske undersøkingar må og oppfyllest før ein reguleringsplan kan verte vedteken.

Kartlegginga må gjerast på to nivå. Kulturmiljønivå viser kulturmiljø inkludert lokalitetar/enkeltførekomstar, mens landskapsnivå viser til dei kulturhistoriske landskapa. Registreringskategoriane i tabellen under er meint som ei rettleiing for å sortere dei ulike miljøa.

Kulturmiljønivå er definert som gardsmiljø/fiskebruk, kulturmiljø i tettbygde område, teknisk-industrielle kulturmiljø, forsvarsanlegg, kulturminne i utmark og andre kulturmiljø. For vårt område vil to av desse kulturmiljønivåa vere relevante som registreringskategori. Det vi seie gardsmiljø/fiskebruk og kulturminne i utmark. Begge desse kategoriane er å finne i influensområdet til våre delområde.

Landskapsnivå er definert som kulturhistoriske landskap, infrastruktur og bystruktur. For vårt delområde vil eit av desse landskapsnivåa i høve til kulturminne vere relevante som registreringskategori. Det vil seie kulturhistoriske landskap. Denne kategorien er relevant for eit av våre delområde og for influensområde.

Registreringskategorier kulturminne

Kulturmiljønivå	Forklaring	Relevant
Gardsmiljø/fiskebruk m.m	Gardsbruk, småbruk og husmannsplassar med våningshus og driftsbygningar inkludert Jordbruksspor, gravminne Fiskebruk med våningshus og driftsbygningar inkludert naust/strandline	Ja
Kulturmiljø i tettbygde område	Bygningsmiljø, sentrumsområde, områder ved viktige knutepunkt o.l	Nei
Teknisk-industrielle kulturmiljø	Industrianlegg, spor av gruvedrift, fløtningsminne, marine kulturminne, vegar, jernbane, kraftanlegg, kaianlegg, bruer osv.	Nei
Forsvarsanlegg	Bygdeborger, festningsanlegg, borganlegg, kaserner, leirområder, skanser, krigsminne	Nei
Kulturminne i utmark	Busetnadspor, gravminne, kolgroper, jernvinneanlegg, fangstanlegg, bergkunst, restar av åkerbruk, seterbruk, produksjonsanlegg knytt til jern/stein, spor etter samisk busetnad, uthus, plassar m.m	Ja
Andre kulturmiljø	Monumentalbygg, enkeltbygningar, monument, park, kyrkje, skule, forsamlingshus m.m	Nei
Landskapsnivå	Forklaring	Relevant
Kulturhistoriske landskap	Verdsarvområde. Område registrert i samanheng med «Registrering av nasjonalt verdifulle kulturlandskap» og «Utvalde kulturlandskap i jordbruket». Riksantikvarens register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Større samanhengande landskap/kulturmiljø sett av i regionale og kommunale planar. Område der de historiske relasjonane i landskapet er framtreidande.	Ja
Infrastruktur	Historiske vegar, jernbane, vassvegar, slep osv. Funksjonelle samanheng som fløtningsminne, produksjonsanlegg, kraftliner mm-	Nei
Bystruktur	Historiske bystrukturar og heilskap bygningsmiljø	Nei

Område som vert påverka av tiltaket er delt inn i einskaplege delområde og vist på kart. Inndelinga er basert på registreringskategoriane over. Med einskapleg syner ein til område som har tilnærma lik karakter og verdi. Delområde skal primært vere avgrensa i kulturmiljø som er sentrert rundt lokalitetar med tilnærma einskapleg karakter og verdi.

I nokre utgreiingar er det i tillegg behov for å vise kulturhistoriske relasjonar, der fleire kulturmiljø inngår i ein samanheng. Slike delområde er her definert som delområde som viser eit landskapsnivå. Vårt eine delområde kan seiast å vere eit slik kulturmiljø. Dette delområdet er ein del av kulturlandskapet knytt til garden Mjåtveitstø.

Kriterium for verdsetjing av delområde er gitt i tabellen under. Kriteria i tabellen er eit hjelpemiddel for å gje verdi til eit delområde. Vurderinga er grunngjeve kort og konsist. Verdivurderinga byggjer logisk opp under kriteria som er nytta. Nokre gonger vil fleire kategoriar/aspekt vere relevante for vurderinga. For våre delområde er det spesielt eit av dei som har ein større verdi. Delområde med ubetydeleg/noko verdi og som ikkje vert sett på som relevante for avgjerda vert omtala samla.

Vårt eine delområde har lokal/regional interesse fordi det er del av eit lokalt viktig kulturlandskap. Dette delområde er difor gitt middels verdi på kulturmiljønivå i tråd med tabellen med kriterium for verdsetjing. Dei andre delområda er utan interesse for kulturlandskapet og har difor ubetydeleg verdi.

Når det gjeld landskapsnivå inngår vårt eine delområde i ein kulturhistorisk kontekst/samanheng og det kulturhistoriske landskapet har ein lokal/regional interesse. Utifrå dette har delområde middels verdi på landskapsnivå. Dei andre delområda er utan interesse for kulturmiljø og landskapsnivå, og har difor fått ubetydeleg verdi.



Figur 17. Eksisterande kulturlandskap.



Figur 18. Eksisterande kulturlandskap.

Kulturhistorisk samanheng og kulturhistorisk landskap er særleg knytt til landskapsnivået innanfor registreringskategoriane. Kulturhistorisk samanheng omfattar samanheng mellom kulturminne og kulturmiljø i eit landskap. Kulturhistoriske landskap omfattar primært verdsarvområde, heilskaplege kulturlandskap, utvalde kulturlandskap i jordbruket og kulturhistoriske landskap med nasjonal interesse.

Kulturhistorisk tyding omfattar også tilknytning til spesifikke historiske hendingar, historiske epokar eller einskilde personar, i tillegg til den generelle kulturhistoriske verdien som kan leggest til det einskilde kulturmiljø eller kulturhistoriske landskap.

		Ubetydelig verdi	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Kulturmiljønivå						
Kulturhistorisk betydning	Uten betydning	er alminnelig/lokalt vanlig	har lokal/regional betydning	har stor regional/nasjonal betydning	har stor regional/nasjonal betydning	har stor nasjonal/internasjonal betydning
Arkitekturhistorisk betydning		bygningssmiljø som inneholder bygninger av begrenset arkitekturhistorisk betydning	bygningssmiljø som inneholder bygninger med arkitekturhistorisk betydning	helhetlig bygningssmiljø som inneholder bygninger med stor arkitekturhistorisk betydning	helhetlig bygningssmiljø som inneholder bygninger med stor arkitekturhistorisk betydning	helhetlig bygningssmiljø som inneholder bygninger med særlig stor arkitekturhistorisk betydning
Betydning for kulturell eller etnisk gruppe		inneholder få elementer som kan knyttes til en kulturell/etnisk gruppe	inneholder flere elementer som er karakteristisk for en kulturell/etnisk gruppe	miljø som er karakteristisk for en kulturell/etnisk gruppe	miljø som er karakteristisk for en kulturell/etnisk gruppe	helhetlig miljø som er karakteristisk for kulturell/etnisk gruppe og som er sjeldent/unikt
Historisk hendelse eller personer		er svakt knyttet til en lokal historisk hendelse/person	er knyttet til en lokal historisk hendelse/person	er knyttet til en regional historisk hendelse/person	er knyttet til en regional historisk hendelse/person	er knyttet til en nasjonal historisk hendelse/person
Landskapsnivå						
Kulturhistoriske sammenhenger		ligger i en kontekst/sammenheng som er noe fragmentert	inngår i en kontekst/sammenheng	inngår i en helhetlig kontekst/sammenheng	inngår i en helhetlig kontekst/sammenheng	inngår i en særlig helhetlig kontekst
Kulturhistorisk landskap		delvis ødelagt	som har lokal/regional betydning	som har stor regional/nasjonal betydning	som har stor regional/nasjonal betydning	sammenheng som har meget stor nasjonal/internasjonal betydning (er unikt)


Handboka definerer og:

- *Arkitekturhistorisk tyding er knytt til epokar i arkitekturhistoria, samt tradisjonsbasert byggeskikk.*
- *Tyding for kulturell eller etnisk gruppe er knytt til spesifikke kulturelle eller etniske grupper. Som til dømes taterar, skogfinnar eller samar. Med kulturell levemåte meiner ein til dømes husmenn eller fiskebønder.*

Bruksverdi, tilstand eller autentisitet vil kunne påvirke verdien. Det kan føre til ei nyansering av verdien, i positiv eller negativ retning. Ein må vurdere om verdsettninga er i tråd med forvaltninga sine prioriteringar. For automatisk freda kulturminne bør ein i tillegg vurdere kulturminne opp mot kontekst, alder og kulturminnets lokale/regionale utbreiing. Det betyr at nokre automatisk freda kulturminne kan få verdien middels eller lågare. Dette er ikkje relevant i vårt tilfelle.

Vurdering av verdi

Alle delområde er verdsett og framstilt på eit verdikart. Verdien vert plassert på ein linjal som er inndelt i fem delar. Linjalen utgjer x-aksen i konsekvensvifta.



Figur 19 Line med skala for vurdering av verdi for tema kulturarv.


Tiltaket sin påverknad

Det er planlagt ein barnehage i delområde 4. Plassering av ein bygning her vil redusera det kulturhistoriske landskapet, men sjølve heilskapen til området på Mjåtveit vil framleis fungere som eit kulturhistorisk landskap utan vesentlege tap av lesbarheit - på landskapsnivå. Det nye tiltaket (barnehagen) vil i noko grad svekka samanhengen til garden Mjåtveitstø halde saman med landskapsnivået.

Når det gjeld kulturmiljønivået råkar delområdet ein mindre viktig del av kulturmiljøet (i høve til garden Mjåtveitstøen), men nye bygningar vil kunne svekke samanhengen til kulturmiljøet. Tiltaket fører difor til eit noko forringa kulturlandskap- og kulturmiljø.

I dei andre delområda vil ikkje planlagde tiltak påverke landskapsnivået eller kulturmiljønivået i høve til fagtema kulturarv. Påverknaden av tiltak på desse områda gjev difor ingen/ubetydeleg endring.

Påverknad	Landskapsnivå	Kulturmiljønivå
Sterkt forringa	Splittar opp det kulturhistoriske landskapet på ein slik måte at det sterkt reduserer lesbarheita og forståinga av samheng. Bidrar til å øydeleggje eller sterkt redusera verdien til viktige kulturmiljø. Skapar barrierar.	Øydelegg heile eller største delen av kulturmiljøet. Øydelegg den viktigaste (mest verdifulle) delen av miljøet. Bidrar til at miljøets funksjon vert øydelagt. Tap av svært viktige enkeltelement.
Forringa	Splittar opp det kulturhistoriske landskapet og reduserer lesbarheita. Reduserer verdien av dei einskilde kulturmiljøa. Bidrar til å redusera samheng.	Råkar store delar av kulturmiljøet. Reduserer miljøets funksjon. Tap av viktige enkeltelement.
Noko forringa	Splittar opp det kulturhistoriske landskapet, men det kan framleis fungere som eit landskap utan vesentlege tap av lesbarheitene. Svekkar samheng og sambandsliner.	Råker ein mindre viktig del av kulturmiljøet. Tap av mindre viktige enkeltelement. Svekker samheng.
Ingen/ubetydeleg endring	Ingen påverknad/ubetydeleg endring.	Ingen påverknad/ubetydeleg endring.
Forbetra	Gjenopprettar samheng der det har vore brot og betrar kontakten mellom kulturmiljøa. Bidreg til restaurering av viktige kulturmiljø og kulturhistoriske landskapselement. Reduserer eksisterande negativ påverknad eller fjernar støy.	Bedrar tilstanden vesentleg ved at eksisterande negative inngrep tilbakeførast. Bidreg til restaurering av kulturmiljø eller kulturminne. Reduserer påverknad eller fjernar støy.



Figur 20. Skala for påverknad for tema kulturarv

Kulturarv: konsekvens for delområda

Konsekvens for kvart delområde kjem fram ved å samanlikna verdivurderinga med vurderinga av tiltaket sin påverknad. Alle konsekvensvurderingar skal grunngjevast. Eventuell relevant uvisse knytt til avgjerd skal omtalast.

Delområde 4 har ein lokal/regional tyding fordi det er ein del av eit lokalt viktig kulturlandskap. Dette delområde er difor fått gjeve middels verdi på kulturmiljønivå i tråd med tabellen med kriterium for verdsetting. Når det gjeld landskapsnivå inngår delområde 4 i ein kulturhistorisk kontekst/samanheng og det kulturhistoriske landskapet har ein lokal/regional tyding. Ut i frå dette har delområde ein middels verdi på landskapsnivå. Dei andre delområda er utan vekt for både kulturmiljø og landskapsnivå, og har difor fått ein ubetydeleg verdi.

Plassering av ein bygning i delområde 4 vil splitte opp det kulturhistoriske landskapet, men sjølve heilskapen til området på Mjåtveit vil framleis fungere som eit kulturhistorisk landskap utan vesentlege tap av lesbarheit - på landskapsnivå. Det nye tiltaket (barnehagen) vil i noko grad svekke samanhengen til garden Mjåtveitstø i høve til landskapsnivået. Når det gjeld kulturmiljønivået råkar delområde ein mindre viktig del av kulturmiljøet (i høve til garden Mjåtveitstø), men nye bygningar vil kunne svekke samanhengen til kulturmiljøet. Tiltaket fører difor til eit noko forringa kulturlandskap- og kulturmiljø i delområde 4.

Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor	Verdi / Påvirkning
					Ødelagt Sterkt forringet
					Forringet
					Noe forringet
	0				Ubetydelig endring
					Forbedret

I dei andre delområda vil ikkje planlagde tiltak påverke landskapsnivået eller kulturmiljønivået i høve til fagtema kulturarv. Påverknaden av tiltak på desse områda gjev difor ingen/ubetydeleg endring.

I følgje handboka er det berre mogleg å nå dei mest negative konsekvensgradane for område med stort og svært stor verdi. Tilsvarande vil dei mest positive konsekvensane hovudsakleg vere halda av for store forbedringar i område i verdiklassane ubetydeleg verdi eller noko verdi. Vi har gjeve delområde 4 middels verdi og samla vil planlagt tiltak føre til noko forringa konsekvens for kulturarv.

Samanstilling av konsekvens for kulturarv:

Ut frå ein heilskapleg fagleg vurdering skal alternativa rangerast frå best til dårlegast. I tillegg skal det gjevast ei vurdering av relativ skilnad i rang, der vert tydeleg kva alternativ som er relativt like, og kva alternativ som er vesentleg betre eller dårlegare enn andre.

Vi har som kjent berre eit utbyggingsalternativ. Det vil seie at vi ikkje har fleire alternativ som er relativt like. Alternativet med å legge til rette for bygging i delområda fører til noko forringa påverknad samanlikna med referansealternativet (ingen utbygging) for kulturarv. Ingen utbygging vil på sikt kunne føre til ingen interesse for ivaretaking av kulturminna. Altså mindre verdfull/forfall.

Skala	Trinn 2: Kriterier for fastsettelse av konsekvens for hvert alternativ
Kritisk negativ konsekvens	Svært stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Stor andel av strekning har særlig høy konfliktgrad. Vanligvis flere delområder med konsekvensgrad 4 minus (- - -). Brukes unntaksvis
Svært stor negativ konsekvens	Stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Vanligvis har stor andel av strekningen høy konfliktgrad. Det finnes delområder med konsekvensgrad 4 minus (- - -), og typisk vil det være flere/mange områder med tre minus (- -).
Stor negativ konsekvens	Flere alvorlige konfliktpunkter for temaet. Typisk vil flere delområder ha konsekvensgrad 3 minus (- -).
Middels negativ konsekvens	Delområder med konsekvensgrad 2 minus (-) dominerer. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Noe negativ konsekvens	Liten andel av strekning med konflikter. Delområder har lave konsekvensgrader, typisk vil konsekvensgrad 1 minus (-), dominere. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Ubetydelig konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlig endring fra referansesituasjonen (referansealternativet). Det er få konflikter og ingen konflikter med høye konsekvensgrader.
Positiv konsekvens	I sum er alternativet en forbedring for temaet. Delområder med positiv konsekvensgrad finnes. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.
Stor positiv konsekvens	Stor forbedring for temaet. Mange eller særlig store/viktige delområder med positiv konsekvensgrad. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.

I den utfylte tabellen under går det fram kva som er utslagsgjevande i den samla vurderinga. Kva som leggst vekt på er gjort på grunnlag av den faglege vurderinga. I handboka er det poengtert at dersom alle område er lagt vekt på i same grad, kan raden «avveging» stå tom. Det har vi ikkje gjort i dette tilfelle. I vår vurdering i høve til tema kulturarv er delområda 4 tillagt større vekt. Resultata frå denne tabellen skal inngå i den samla vurderinga av ikkje prissette tema i trinn 3.

Kulturarv	Alt 0 (referansealternativet)	Alt 1 (utbyggingsalternativet)
Delområde 1, 2, 3, 5	Ubetydeleg verdi for kulturarv	Ubetydeleg verdi og ved ein utbygging
Delområde 4	Middels verdi i høve til kulturarv	Noko forringa som følgje av ein utbygging
Avveging	Eit delområde er gjeve større verdi samanlikna med dei andre	Eit delområde er gjeve større verdi samanlikna med dei andre
Samla vurdering	Ved ingen utbygging vil mellom anna ikkje barnehage kunne etablerast, men delområde 4 vil bevarast som i dag. Ingen utbygging vil på sikt kunne føre til ingen interesse for ivaretaking av kulturminna. Altså mindre verdfull/forfall. Ubetydeleg konsekvens for tema kulturarv	Fleire barn og unge vil kunne nytta områda på Mjåtveitstø som læringsarena og aktivitetsområde, fleire vil verte kjent med kulturminna på Mjåtveit. Delområde 4 verte bygd på, og kulturlandskapet her vil ikkje bevarast. Noko negativ konsekvens for tema kulturarv
Rangering	Ikkje tilrådd (det dårlegaste alternativet)	Anbefalt alternativ (det beste alternativet)
Forklaring til rangering	Færre vil verte kjent med området og det historiske kulturlandskapet og garden Mjåtveitstø vil verte mindre nytta av barn og unge	Sjølv om delområde 4 vert bygd ut, vil totalopplevinga av kulturlandskapet og garden Mjåtveitstø verte større og betre - for fleire

Dei gamle steingardane innanfor delområda er det viktig å bevare. Dei har verdi som kulturminne og seier noko om korleis det var før, og korleis landskapet var utforma. Dei er historiske markørar for ei tid som er tapt, slike steingardar byggast ikkje lenger. Steingarden skal bevarast og blir eit viktig kulturhistorisk element for barna i den framtidige barnehagen.

Kistegrøfta som og er registrert innanfor delområde 4 skal og bevarast, samstundes som den skal vedlikehaldas og visast fram som ein del av barnehageprosjektet. Det skal lagast ein utomhusplan som skal vise at kistegrøft, steingard og delar av jordarealet skal bevarast, og eventuelt takast i bruk av barnehagen. Ein ønsker å sjå på korleis ein kan ta i bruk kistegrøfta som ein ressurs.

6 Friluftsliv/by- og bygdeliv

Fagtema friluftsliv/by- og bygdeliv skildrar tiltaket sine verknader for brukarane av delområda/vurderingsområda. Temaet omfattar alle område som har interesse for allmenta sin moglegheit til å drive friluftsliv som helsefremmande og trivselsskapande aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles. Omgrepa by- og bygdeliv går ut frå at friluftsliv i byar og tettstadar er inkludert i utgreiinga. I denne utgreiinga vil det bety at tettstaden Frekhaug er med i samanheng med sambandslinjer til og frå planområdet, og tilgjenge til friluftsområde for dei som bur der.

Friluftsliv er definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft på fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Sentralt for temaet friluftsliv er folk sin bruk og oppleving av det naturlege og menneskepåverka landskapet, inklusiv byar og tettstader. Tema omfattar følgjande deltema:

- *friluftslivområde*
- *uteareal i byar og tettstadar som er tilgjengeleg for allmenta*
- *sambandslinjer for mjuke trafikantar*
- *nett for tursykling*
- *kva påverknad støy har på menneske sin bruk og oppleving av område*

Temaet omfattar ikkje motorisert ferdslø, næringsverksemd eller innandørs aktivitetar.

Stortingsmeldinga om friluftsliv (St.meld. 18 (2015 - 2016), «Friluftsliv - Natur som kjelde til helse og livskvalitet») skal bidra til at endå fleire driv med friluftsliv jamleg, og dermed får oppleve friluftsliv som ei kjelde til betre helse og høgare livskvalitet. Med naturoppleving meiner ein i tillegg til det naturgjevne, også opplevingar av kulturminne i natur, og spor i landskapet frå tidlegare og nyare tider sin bruk.

Regjeringa vil prioritere friluftsliv i nærmiljøet, slik at alle kan delta. Barn og unge er prioriterte målgrupper. På bakgrunn av prioriteringene i det statlege friluftslivsarbeidet og premissene for et aktivt og utbredt friluftsliv, er det vedtatt nye mål for friluftslivspolitikken:

1. Friluftslivets posisjon skal ivaretas og videreutvikles gjennom ivaretagelse av allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområder, og stimulering til økt friluftslivsaktivitet for alle.
2. Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge.

Føremålet med utgreiinga er å få fram kunnskap om verdifulle område for friluftsliv, og gjere greie for konsekvensane av utbyggingsalternativet. Med dette som bakgrunn er delområda gitt ein verdi. Deretter har vi vurdert påverknaden som nye tiltak vil ha for friluftsliv, og til slutt har vi vurdert dei samla konsekvensane.

Fyrst i utgreiinga av friluftsliv definerast delområde og influensområde.

Friluftsliv: Skildring av delområde og influensområde

Delområda er dei same som allereie er vist i innleiinga til denne konsekvensutgreiinga, delområde 1 til og med delområde 5. For å kunne vurdere alle konsekvensane for friluftsliv/by- og bygdeliv er det naudsynt å definere eit stort influensområde. Influensområde som totaloppleving er viktig, og at det har ein viss storleik og avstand til eksisterande utbygging. Store opne og stille landskapsrom har eigenverdi. Vekslinga mellom fjell, skog og opne rom gjev området særlege landskapsmessige kvalitetar. Influensområde har vi difor valt å definere som heile området med framtidige og eksisterande bustadar, skular og barnehagar innanfor og utanfor planområdet. Influensområdet inkluderer området frå Mjåtveitstø til Frekhaug i tillegg garden Mjåtveitstø, det vil seie frå delområda ned til sjølina.



Figur 21. Plangrense merka omtrentleg med svart stipla line. Influensområde merka omtrentleg med gul stipla line. Delområde 1-5 er omtrentleg merka med blå polygon.

Registreringskategoriar


Registreringskategoriane for friluftsliv/by- og bygdeliv er delt inn i to hovudkategoriar; sambandslinjer og geografiske område. Dei viktigaste sambandslinjene vert synt som liner eller soner. Desse illustrerer korleis folk bevegar seg i og mellom friluftslivområde, frå urbane område til friluftslivområde eller langs viktige sambandslinjer. Nokre område kan falle inn under fleire kategoriar. Kva kategori som best representerer området sine kvalitetar vert då avgjerande for korleis eit område skal kategoriserast.

Registreringskategori	Forklaring
Sambandslinjer/sonar	
Ferdsl/samband	Samanhengande sambandslinjer som vert nytta av gåande og syklende (stiar, løyper, gangveggar og liknande).
Blå/grøne korridorar	Samanhengande vegetasjonsprega sambandssonar som nyttast av gåande og syklende, og ferdsl i vatn. Kategorien samsvarer i stor grad med Grønkorridor i Miljødirektoratet sin rettleiar M98.
Sykelruter	Sykelruter som er del av det offisielle vegnettet.
Geografiske område	
Turområde	Fjell-, skog- og heiområde eigna for lengre turar til fots og på ski, jakt og fiske. Inkluderer òg område der det er lagt til rette for aktivitet (merka løype, stiar og overnattingsstadar).
Utfartsområde	Store og små dagstuoerområde utanfor byar og tettstadar som innbyr til spesielle enkeltaktivitetar.
Nærturterreng	Allment tilgjengelege skogsområde på meir enn 200 daa, i gangavstand frå bustadområde, skular eller barnehage. Område er vanlegvis naturleg avgrensa av vegar, bygningar eller dyrka mark.
Marka/bymark	Samanhengande utfartsområde som ofte grensar til byar og tettstader, med direkte tilkomst derfrå.
Urbane uteområde	Opparbeidd område som vert nytta til opphald, rekreasjon, til dømes gater, torg, allmenningar og promenadar.
Leike- og rekreasjonsområde	Leike- og ballplassar, nærmiljøanlegg, hundremeterskog, badestrender, offentleg sikra område, parkar og liknande, mindre enn 200 daa. Ligg i byggesone maks 200 m frå bustadar.
Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag	Område langs kyst, innsjøar og vassdrag med moglegheit for allment friluftsliv.

Jordbrukslandskap som nyttast til friluftsliv	Område i jordbrukslandskapet med relevans for friluftsliv, med fri ferdsle til fots på frossen eller snølagt mark.
Andre rekreasjons- og friluftslivsområde	Område som ikkje lar seg plassere innanfor dei andre kategoriane. Området sine eigenskapar må skildrast. Kategorien nyttast unntaksvis.

Sambandslinjer

Frå planområdet er det mogleg å gå/sykle til tettstaden Frekhaug. Det er etablert gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Det er òg starta på eit arbeid med å opparbeide ein kyststi i tråd med kommunen sine planar. Denne kyststien skal først vidare i områdeplanen og målet er å etablere ein samanhengande kyststi frå Frekhaug til Dalstø, og vidare. Det vil difor på sikt kome på plass to store samanhengande sambandslinjer (sti/løype, gangveg) til planområdet, ein langsmed fylkesvegen og ein langs med kysten. Den planlagde kyststien kan og definerast som ein grøn korridor. Kyststien har plassering langs strandsona.



Figur 22. Kart som visar planlagde kyststi i områdeplanen og kommuneplanen.

Geografiske område

Det er område innanfor planområdet som i dag er nytta til turområde. Det er mellom anna fleire mindre stiar som går på kryss og tvers i området, eksempelvis til toppen av Furefjellet (105 moh). Spesielt barnehagen i nærområdet brukar området til turar, og dei har til dømes laga bål plass med lavvo. Området er meir i bruk av lokale turgengarar enn tilreisande.

Det er ikkje registrert spesielle aktivitetar i området, bortsett frå barnehagens aktivitetar for barna. Området kategoriserast difor som eit turområde, ikkje eit utfartsområde. Det er mykje ålment tilgjengeleg skogsområde med moglegheit for å sanke sopp og bær som vil seie at det òg kan definerast som eit nærtertereng. Område kan ikkje definerast som marka/bymark. Området er ikkje eit utfartsområde som grensar til tettstad, og har direkte tilkomst derifrå. Område kan heller ikkje definerast som eit urbant uteområde. Området ned mot sjøen (garden Mjåtveitstø) kan heilt klart definerast som eit leike- og rekreasjonsområde. Her er det rom for leik og rekreasjon, og hundremeterskog. Det er òg kort veg til badestrand. Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag er og å finne her. Dette området var frå gammalt av eit jordbrukslandskap, men er i dag i bruk til friluftsliv.

Oppsummert kan kategoriane turområde, nærtertereng, leike- og rekreasjonsområde, strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag og jordbrukslandskap som nyttast til friluftsliv takast i bruk som registreringskategoriar i området.

Planområdet og dei andre områda som påverkast av planlagde tiltak er delt inn i mindre einsarta delområde og vist på kart. Inndeling i delområde er basert på registreringskategoriane. Eit delområde er einsarta dersom det har ein tilnærma lik funksjon, karakter og verdi.

Kriteria for verdsetting av delområde er gitt i tabellen under.

Verdi	Uten betydning	Noe verdi	Middels	Stor verdi	Svært stor verdi
Bruksfrekvens	Mindre bruk	Brukes av få	Brukes av flere	Brukes av mange	Brukes av svært mange
Betydning	Ingen betydning	Lokal betydning	Lokal/regional betydning Statlig sikret friluftsområde	Regional/ nasjonal betydning Statlig sikret friluftsområde	Nasjonal/ internasjonal betydning Statlig sikret friluftsområde
Kvaliteter	Mindre attraktivt for opphold	Attraktivt for noen grupper	Attraktivt for flere	Svært attraktivt/ har særlig gode kvaliteter	Særdeles attraktivt/ har unike kvaliteter
Kartlagte friluftslivområder i Naturbase ⁴⁷		← C →	← B →	← A →	

Verdivurderinga skal grunngjevast og skal byggast logisk opp under kriteria som er brukt. Tabellen syner verdivurdering knytt til ulike kategoriar/aspekt. Nokre gonger vil fleire kategoriar/aspekt vere relevante for verdivurderinga. I slike tilfelle må ein gjere ei vurdering av kva kriteria som er mest relevante. Det må gjerast ei heilskapleg vurdering av området sine eigenskapar basert på kategoriane bruksfrekvens, tyding og kvalitet. Bruksfrekvens er eit uttrykk for kor mykje og kor ofte eit område vert nytta. Tyding handlar om kor viktig eit område er for ei gruppe eller eit lokalsamfunn. Kvalitet handlar om attraktivitet og oppleving. Her skildrar vi fyrst bruksfrekvens, deretter tyding og til slutt kvalitet, på delområda i Mjåtveitstø.

Bruksfrekvens

Delområda er noko i bruk av Drømmehagen barnehage. Områda vert også noko brukt til turar for personar som bur i nærleiken. Som allereie nemnd er områda rundt mykje brukt av barna i barnehagen, og slik kan ein seie at området er i bruk av ei spesiell gruppe. Området ligg i samheng med andre ferdslinjer/andre friluftsområde. Om du skal besøke garden Mjåtveitstø og vidare til sjøen, må du forbi delområda. Delområda er samla sett i bruk av få personar. Det kom ikkje fram i Barnetrakk-registreringa på Sagstad skule (i mai 2018), at dei brukte desse områda.


Tyding

Området har lokal verdi. Delområda ligg tett opp til bustadar og ikkje langt ifrå tettstaden Frekhaug. Delområda har ikkje interesse for regionale eller nasjonale brukarar. Delområda har heller ikkje tyding for spesielle aktivitetar bortsett frå at område i dag er nytta som inngangsport til garden Mjåtveitstø. Det er her vegen går til garden, og turvegen som nyttast til å kome til sjøen. Delområda nyttast ikkje som sosial møteplass, men ligg nære område barna nyttar til sine aktivitetar, som del av drifta til barnehagen. Det vil seie garden Mjåtveitstø og område i aust som er i bruk som bål plass og med lavvo. Delområda har ikkje ein symbolverdi, og er ikkje statleg sikra eller gitt verdi av kommunen. Fylkeskommunen meiner at det eine delområde har tyding og verdi som kulturlandskap. Dette er omtalt under tema kulturarv.

Kvalitet

Delområde 4 har romlege og visuelle kvalitetar som innbyr til opphald og ferdsel. Delområde 4 er ein open plass med gras, og har potensiale til å nyttast til opphald. Dette området har òg ein spesiell kulturhistorisk opplevingskvalitet, det ligg gamle kistegrøftar i grunnen. Delområde 4 er definert som eit kulturlandskap, men dette er ytterlegare omtalt under tema kulturarv. Delområde 4 ligg i nærleiken av garden Mjåtveitstø, eit område i eit kulturlandskap som vi kan seie har spesielle opplevingskvalitetar. Dei andre delområda har ikkje kvalitetar som gjer dei attraktive for opphald. På grunn av det eine området er delområda attraktive for somme grupper i dag.

Både bruksfrekvens, tyding og kvalitet er relevante kategoriar for å skildre delområda, og verdivurderinga er gjort på bakgrunn av desse kategoriane. Ut frå vurderinga over, om bruk, tyding og kvalitet, er delområda nytta av få, områda er av lokal tyding og områda har kvalitetar som er attraktive for somme grupper. Det vil seie at delområda er gitt verdien: noko verdi.



Figur 23. Verdikart: Delområda er gitt verdien: noko verdi.



Figur 24. Line med skala for vurdering av verdi for tema friluftsliv.

Friluftsliv: Tiltaket sin påverknad

Påverknad er eit uttrykk for endringar som det alternative tiltaket vil medføre på delområde. Vurderingar av påverknad skal relaterast til den ferdige etablerte situasjonen. Det er berre område som vert varig påverka som skal vurderast. Skalaen for påverknad er delt inn i fem trinn og går frå øydelagt/sterkt forringa til forbetra. Vurdering av påverknad er samanlikna med situasjonen i referansesituasjonen (0-alternativet).

Påverknadsfaktorar for tema friluftsliv er synt i tabellen under. Tabellen gjev ein rettleiing for gradering av påverknad. Vurderinga skal grunnjevast. Vurderinga skal byggast logisk opp under kriteria som er brukt.

Tiltaket sin påverknad	Opplevingskvalitet	Areal/omfang	Tilgjengelegheit/barriere	Bruk av område/ferdselssamband	Lydbilete
Øydelagt/sterkt forringa	Området er ikkje lengre attraktivt	Området er øydelagt/sterkt redusert	Området er ikkje lenger tilgjengeleg	Område/forbindingslina er ikkje lengre eigna til aktiviteten	Område kan ikkje lenger nyttast på grunn av sterk støyplage
Forringa	Tiltaket fører til svært redusert attraktivitet	Området er redusert	Sambandslinene til området har vorte vesentleg lengre (omveg). Auka trafikkvolum fører til større barriere	Tiltaket fører til svært redusert bruk	Området får eit mykje dårlegare lydbilete
Noko forringa	Tiltaket fører til redusert attraktivitet	Området er noko redusert	Sambandslinene er lagt om - fører til noko omveg auka trafikkvolum fører til barriere	Tiltaket fører til redusert bruk	Området får noko dårlegare lydbilete
Ubetydeleg endring	Ingen/liten skilnad	Område er uendra	Ingen/liten skilnad	Ingen/liten skilnad	Ingen merkbar/høyrbar skilnad
Forbetra	Området er meir attraktivt	Området er utvida	Eksisterande barriere er fjerna. Område har vorte meir tilgjengelege.	Området/forbindingslina er betre eigna til aktiviteten.	Området har eit betre lydbilete.

Her skildrar vi planlagde tiltak i delområda og påverknad i høve til opplevingskvalitet, areal/omfang, tilgjengelegheit/barriere, bruk av område/ferdselssamband og lydbilete.

Opplevingskvalitet

Attraktive uteområde er viktig for trivsel og livskvalitet. Grøne område og korridorar gjev rom for rekreasjon, fysisk aktivitet og naturoppleving. Natur og kulturverdiar er med på å skape stads-identitet, noko som er viktig for den lokale identiteten. Delområda på Mjåtveitstø vert påverka av dei planlagde tiltaka.

I delområda på Mjåtveitstø skal det som kjent etablerast ein barnehage, bustadar, i tillegg til gode gangtilkomstar og samband gjennom desse områda. Områda vil verte meir attraktive som følgje av desse tiltaka. Fleire vil kunne ta i bruk nærområda til friluftsliv. Det vil gjelde både for framtidige bustadeigarar og for framtidige barnehagebarn. Det skal opparbeidast gode og spennande uteareal knytt til barnehage og bustad, og tilgjenge til naturområda i og utanfor planområdet vil verte svært forbetra. Dette vil vere viktig for trivsel og livskvalitet for både eksisterande og framtidige bebuarar. Gangforbindelsane skal koplast på både kyststi og andre turstiar. Desse grønne områda vil gje moglegheit for rekreasjon, fysisk aktivitet og naturoppleving for fleire. Planlagd parkeringsplass for barnehagen vil og kunne nyttast til parkering for turgjengarar slik at fleire vil kunne verte kjent med, og nytte seg av turområde. Opplevingskvaliteten vil forbetrast av tiltaket, og området vil verte meir attraktivt.

Areal/omfang

Eit tiltak kan medføre at eit område vert redusert i omfang eller øydelagt som følgje av arealbeslag. Omvendt kan ein også opparbeide nye friluftslivområde. Tiltaka som er planlagt i delområda på Mjåtveitstø vil føre til at områda vert redusert i omfang samanlikna med dagens situasjon. Areala på delområda vil difor verte noko forringa.

Areala i aust og i vest for den ynskte barnehagetomta ligg i eit høgare terreng i høve til den planlagde barnehagen. Ein naturleg koping mellom bustadareal og grønstruktur med kyststi, vil difor vere langs med LNFR-arealet som er sett av i KPA. Her går det i dag, som kjend, ein veg som fører til garden Mjåtveitstø.

Koplinga langs LNFR-arealet vil såleis vere ein viktig kopling i høve til friluftsliv, og vi går ut frå at koplinga vert brukt både av bebuarar i nærområdet og av dagens barnehage på Mjåtveitstø.

Tilgjengelegheit/barriere

Tilgjenge handlar om kor lett eller vanskeleg det er å komme seg til eit område. Med barriere siktar ein til hindringar som påverkar tilgangen til eit område. Eit tiltak kan føre til nye barrierar eller føre til auka tilgjenge til eit område. Planlagde tiltak vil føre til auka tilgjenge til delområda. Det vil som følgje av nye bustadar og ny barnehage gjere det lettare å komme seg til områda. Det gjeld både til fots, med sykkel og med bil. I tillegg skal områda koplast på ein universell utforma tursti. Tiltaka vil altså ikkje føre til nye barrierar men til auka tilgjenge og ein forbetra situasjon for friluftsliv. Fleire får lettare tilgang til «urørd» natur, sopp og bær, skog og strandsone.

Bruken av område/ferdselssamband

Eit tiltak kan føre til at området eller sambandslinene ikkje lenger kan nyttast på same måte som før. Omvendt kan eit tiltak medføre auka bruk, til dømes ved å etablere ein gang/sykkelveg. Dette punktet vil henge saman med vurderinga over, tilgjengelegheit/barriere. Tiltaka vil som allereie nemnd føre til auka bruk. Det skal etablerast både gangveggar og sykkelveggar, mellom anna som følgje av dei nye tiltaka. Det vil bety at friluftslivet vil auke som følgje av fleire ferdselssamband, og slik auke den totale bruken av området.


Lydbilete

Her skal vi seie noko om i kva grad eksisterande lydbilete vil verte påverka av støy frå tiltaket. Ny barnehage vil føre til endring i lydbilete for dei som er tett på. Lyden på dagtid vil vere karakterisert av barns leik, i tillegg til noko støy som følgje av trafikkauke til/frå barnehagen og parkeringsplassen. Utover dette vil ikkje planlagde tiltak føre til noko endring i lydbilete i delområda, bortsett frå støy i byggefasen. Friluftslivet i området vil få ei minimal endring i lydbilete som følgje av tiltaket.

Oppsummert vil:

- opplevingskvaliteten vert forbetra som følgje av tiltaket
- areala på delområda vil verte noko forringa grunna reduksjon i omfang
- tiltaket vil føre til auka tilgjenge og ein forbetra situasjon for friluftslivet
- friluftslivet vil auke, noko som er positivt for folkehelsa
- nye tiltak vil gje ei minimal endring i lydbiletet

Samla sett vil nytt tiltak fyrst og fremst gje ein forbetra situasjon for friluftslivet.



Figur 25. Skala for påverknad.

Friluftsliv: Konsekvens for delområde

Konsekvens for kvart delområde kjem fram ved å samanlikna verdivurderinga med vurderinga av tiltaket sin påverknad. Alle konsekvensvurderingar skal grunngjevast. Eventuell relevant uvisse knytt til avgjerd skal omtalast.

Både bruksfrekvens, tyding og kvalitet er grunnjevne relevante kategoriar for å beskrive delområda på Mjåtveitstø, og verdivurderinga er gjort på bakgrunn av desse kategoriane. Ut frå vurderinga i høve til bruk, tyding og kvalitet, nyttast delområda av få, områda er av lokal tyding og områda har kvalitetar som er attraktive for nokre grupper. Det betyr at delområda er gitt verdien: noko verdi.

Tiltaket sin påverknad er vurdert i høve til opplevingskvalitet, areal/omfang, tilgjengelegheit/barriere, bruken av område/ferdselssamband og lydbilete. Opplevingskvaliteten vert forbetra, areala på delområda vert noko forringa på grunn av reduksjon i omfang, tiltaket vil føre til auka tilgjenge og ein forbetra situasjon for friluftsliv, friluftslivet vil og auka, og nye tiltak vil gje ei ubetydeleg endring i lydbiletet.

Å opne opp vil sannsynlegvis gjere området interessant som turområde for fleire småturar på sykkel, med vogn, fisketurar, bær- og soppstaking utover nærområdet. Utsikta, stillheita og soltilhøva vil gjere området attraktivt.

Uten betydning	Noe	Middels	Stor	Svært stor	Verdi / Påvirkning
					Ødelagt Sterkt forringet
					Forringet
					Noe forringet
	0				Ubetydelig endring
					Forbedret

Det er berre mogleg å nå dei mest negative konsekvensgradane for område med stort og svært stor verdi. Tilsvarende vil dei mest positive konsekvensane hovudsakleg vere halda av for store forbetringar i område i verdiklassane ubetydeleg verdi eller noko verdi. Vi har gitt delområda noko verdi og samla sett vil nytt tiltak gje ein forbetra situasjon for friluftslivet. Når det gjeld temaet friluftsliv vil delområda få ein verdiauke som følgje av tiltaket.

Samanstilling av konsekvens for friluftsliv:

Ut frå ein heilskapleg fagleg vurdering skal alternativa rangerast frå best til dårlegast. I tillegg skal det gjevast ei vurdering av relativ skilnad i rang, der det gjerast tydeleg kva alternativ som er relativt like og kva alternativ som er vesentleg betre eller dårlegare enn andre.

Vi har som kjent berre eit utbyggingsalternativ. Det vil seie at vi ikkje har fleire alternativ som er relativt like. Alternativet med å legge til rette for bygging i delområda er betre samanlikna med referansealternativet (ingen utbygging) for friluftslivet. I sum vil utbyggingsalternativet føre til ei forbetring for friluftslivet. Som allereie vist vil delområda og nærområdet verte meir tilgjengeleg, og føre til at fleire vil nytte seg av områda i framtida. Dette vil gje betre folkehelse og fleire barn og unge vil nytte seg av området. Dette er i tråd med stortingsmeldinga om friluftsliv, der friluftsliv i nærmiljøet skal prioriterast med barn og unge som prioriterte målgrupper. Ved å legge til rette for barnehage og bustad vil fleire kunne nytte naturen på Mjåtveitstø som læringsarena og aktivitetsområde.

Skala	Trinn 2: Kriterier for fastsettelse av konsekvens for hvert alternativ
Kritisk negativ konsekvens	Svært stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Stor andel av strekning har særlig høy konfliktgrad. Vanligvis flere delområder med konsekvensgrad 4 minus (- - -). Brukes unntaksvis
Svært stor negativ konsekvens	Stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Vanligvis har stor andel av strekningen høy konfliktgrad. Det finnes delområder med konsekvensgrad 4 minus (- - -), og typisk vil det være flere/mange områder med tre minus (- -).
Stor negativ konsekvens	Flere alvorlige konfliktpunkter for temaet. Typisk vil flere delområder ha konsekvensgrad 3 minus (- -).
Middels negativ konsekvens	Delområder med konsekvensgrad 2 minus (- -) dominerer. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Noe negativ konsekvens	Liten andel av strekning med konflikter. Delområder har lave konsekvensgrader, typisk vil konsekvensgrad 1 minus (-), dominere. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Ubetydelig konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlig endring fra referansesituasjonen (referansealternativet). Det er få konflikter og ingen konflikter med høye konsekvensgrader.
Positiv konsekvens	I sum er alternativet en forbedring for temaet. Delområder med positiv konsekvensgrad finnes. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.
Stor positiv konsekvens	Stor forbedring for temaet. Mange eller særlig store/viktige delområder med positiv konsekvensgrad. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.

I den utfylte tabellen under går det fram kva som er utslagsgjevande i den samla vurderinga. Vekting er gjort på eit fagleg grunnlag. I handboka er det poengtert at dersom alle område er lagt vekt på i same grad, kan raden «avveging» stå tom. Det har vi gjort i dette tilfelle. I vår vurdering i høve til tema friluftsliv er alle delområda lagt vekt på i same grad. Resultata frå denne tabellen skal inngå i den samla vurderinga av ikkje prissette tema i trinn 3.

Friluftsliv	Alt 0 (referansealternativet)	Alt 1 (utbyggingsalternativet)
Alle delområde	Noko verdi, men ikkje så stor konsekvens for friluftslivet samanlikna med utbyggingsalternativet	Stor positiv konsekvens for friluftslivet, mange fleire born og unge vil nytte delområda og nærområda
Avveging	Alle delområde er lagt vekt på i same grad i høve til tema friluftsliv	Alle delområde er lagt vekt på i same grad i høve til tema friluftsliv
Samla vurdering	Ved ingen utbygging vil mellom anna ikkje barnehage kunne etablerast Noko negativ konsekvens for friluftsliv	Fleire barn og unge vil kunne nytta områda på Mjåtveitstø som læringsarena og aktivitetsområde. Dette er positivt for folkehelsa. Stor positiv konsekvens for friluftsliv
Rangering	Ikkje anbefalt (det dårlegaste alternativet)	Anbefalt alternativ (det beste alternativet)
Forklaring til rangering	Samanlikna med utbyggingsalternativet vil ikkje dette alternativet ha same positiv konsekvens	Vesentleg betre alternativ for tema friluftsliv samanlikna med referansealternativet. Fleire vil nytta områda til friluftsliv

For friluftslivet er det positivt at parkeringsplassen til den planlagde barnehagen kan nyttas av alle, slik at Mjåtveitstøen og planlagd kyststi kan bli tilgjengeleg til så mange som mogleg, og dei som skal nytta badestrender i nærleiken.

7 Naturmangfald

Naturmangfald omhandlar tema som er knytt til landjorda, ferskvatn, brakkvatn og saltvatn, inkludert livsvilkår ved desse. Verknader for landskapsmessig mangfald i konsekvensanalysen er utgreia under tema landskapsbilete. Naturmangfald og biologiske funksjonar knytt til kulturlandskapet er ein del av temaet, mens opplevingar, estetikk og kulturarv er utanfor tema naturmangfald.

Det er eit nasjonalt mål å arbeide for bevaring av biologisk mangfald og det framgår av St. meld (2015-2016), Norsk handlingsplan for naturmangfald - Natur for livet, at arealplanlegging er eit viktig verkemiddel for å oppnå dette. Naturmangfaldlova (nml.) stiller krav til tiltak som skal gjennomførast, for å sikre at «naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur», jf. §1 i lova. For å oppfylle dette formålet skal utøving av offentleg myndigheit skje på grunnlag av prinsippa i nml. §§8 - 12, jf. § 7, både i sakshandsaminga og ved avgjerder.

§8: Kunnskapsgrunnlaget, §9: Førre-var-prinsippet, §10: Økosystemtilnærming og samla belastning, §11: Tiltakshavar betaler, §12: Miljøforsvarlege teknikkar.

Naturmangfaldslova inneheld og føresegner om forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar, og ein generell aktsemdsplikt. Prinsippa i naturmangfaldslova er retningslinjer som utfyller føresegnene i KU-forskrifta og angjev relevante utgreiingsemne. Utgreiinga skal gje eit tilfredsstillande grunnlag for å vurdere prinsippa i naturmangfaldlova. Andre sentrale forskrifter, lovverk og handlingsplanar som kan vere relevante i vurderinga for tema naturmangfald er:

- Vassforskrifta og anna lovverk om beskyttelse av vatn
- Forureiningslovverket
- Norsk handlingsplan for naturmangfald


Fyrst skildrar vi dagens situasjon og eventuelle planar som har verknad for naturmangfaldet. Det er og hensiktsmessig å skildre området karakteristiske trekk for å sette delområda inn i ein større samanheng. Vi vil her nytte oss av rapporten utarbeidd av Rådgivande biologer, *Kartlegging og verdivurdering av naturmangfald, områdeplan Dalstø - Mjåtveitstø, Meland kommune (2018)*.

Naturmangfald: Delområda og influensområde

I følgje rapporten til Rådgivande biologer er naturmangfaldet i Meland kommune godt undersøkt. Førstegongskartlegging av naturtypar etter DN-handbok 13 i Meland kommune blei gjennomført i 2002. Det blei gjennomført supplerande kartlegging av naturtypar av Miljøfagleg Utredning i 2007 og av Fylkesmannen i Hordaland i 2013. Resultata frå desse undersøkingane ligg inne på Miljødirektoratets Naturbase. I Artsdatabasen finst det fleire registrerte observasjonar av raudlistearter i influensområdet. I vurderinga i høve til naturmangfald tar vi høgde for eit influensområde lik storleiken på planområdet i områdeplanen. Dette området er skildra slik i rapporten frå Rådgivande biologar:

Det aktuelle planområdet er i stor grad ubebyggt, men er likevel påvirket av tidligere gårdsdrift, beite og hogst, samt nåværende bruk og tilrettelegging for friluftsliv. Planområdet er kupert og er i stor grad skogdekt, men har også en del myr og kulturmark. En liten sidebekk til Mjåtveitelva går gjennom planområdet i øvre del.

Rådgivande biologer skildrar i sin rapport naturgrunnlaget og generelle trekk i planområdet. Berggrunnen i området består i sin heilskap av granittisk gneis. Dette er ein næringsfattig, sur og hard bergart som forvitrar langsamt og berre gir grunnlag for fattig vegetasjon. Det er lite lausmassar i området, utanom heilt nordvest (her finn ein tynn morene og delvis torv og myr).




Figur 26. Lausmassekart (Kilden, NIBIO).

Meland kommune har eit oseanisk klima som er typisk for kystkommunar. Klimaet er karakterisert av milde vintrar og relativt kjølege somrar. Det er mykje nedbør i området og mange nedbørsdagar per år. Årsnedbøren i området er i gjennomsnitt 2050 mm og sommar temperaturen ligg i snitt på 13,9 varmegrader i juli. Januar og februar er dei kaldaste månadene med ein middeltemperatur på 0,8 varmegrader. Middeltemperaturen i eit år ligg på 7 varmegrader.

Klimaet er i stor grad styrande for både vegetasjon og dyreliv, og varierer mykje i Noreg. Denne variasjonen er avgjerande for inndelinga i vegetasjonssonar og vegetasjonsseksjonar. Området ligg i den *boreonemorale vegetasjonssonen*. Denne sona dannar ein overgang mellom den nemorale sona og dei typiske barskogområda. Edellauvskogar dominerer i dei solvendte lier med godt jordsmonn. Bjørke-, gråor- eller barskogar dominerer i resten av skoglandskapet.

Vegetasjonssonar speglar hovudsakleg skilnad i temperatur, spesielt sommartemperatur, mens vegetasjonsseksjonar heng saman med oseanitet, der fuktigheit og vintertemperatur er dei viktigaste klimafaktorane. Influensområdet ligg innanfor *sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon*, humid underseksjon. Dette er ein seksjon prega av planteliv som er avhengig av høg luftfuktigheit.

Alle skogsareala i planområdet er av høg bonitet. Flekkvis finst det areal med mindre lettbrukt fulldyrka jord og innmarksbeite, særleg langs Mjåtveitstøvegen søraust. Det er mykje grunnlendt areal og fjell i dagen i dei høgareliggjande områda sentralt i planområdet, og fleire myrareal i dei lågtliggjande søkka.



Figur 27. Arealtypar og skogbonitet i planområdet (Kilden, NIBIO).

Planområdet er i stor grad ubyggd, men er påverka av tidlegare gardsdrift, beite og hogst, og noverande bruk og tilrettelegging for friluftsliv. Det er framleis driftig dyrka mark, særleg langs Mjåtveitvegen. Vest i planområdet er det ein del gamle beiteområde med sterkt preg av gjengroing.

Det meste av planområdet er dekt av skog, og det er i all hovudsak snakk om fattig og ung til eldre skog.


I miljødirektoratets Naturbase er det registrert ein kystfuruskog søraust for Dalstø med C-verdi (lokalt viktig). I nedre del av Mjåtveitelva er det registrert ein rik sump- og kildeskog med A-verdi. Gjennom feltundersøkingane til Rådgivende biologer blei det registrert ein slåttemark inntil Kloppedalselva med B-verdi. Sør i planområdet (ved Mjåtveitstø) blei det registrert eit lite ospeholt med C-verdi og litt vest for dette området blei det registrert ei kystmyr med C-verdi. Samlet vurderast naturtypar å ha stor verdi⁴.

Når det gjeld viltområde er det ikkje registrert område i tråd med DN-handbok 11 innanfor planområdet, men det er vanleg med hjort. Rådgivande biologer antar at planområdet har ordinær verdi for vilt. Viltområder er vurdert til å ha liten verdi. Det er ikkje registrert viltområde innanfor delområda som skal konsekvensutgreiast.

Ein sidebekk til Mjåtveitelva renner gjennom nordlege del av planområdet og i denne er det etablert fleire sedimentbasseng. Her er det og satt ut elvemusling i 2017. Sidebekken er vurdert å ha liten verdi, mens Mjåtveitelva har middels verdi i øvre del og stor verdi i nedre del. Tema fisk og andre artar i ferskvatn har middels til stor verdi. Det er ikkje registrert spesielle artar i ferskvatn innanfor delområda som skal konsekvensutgreiast.

I influensområde er det registrert fleire raudlista fugleartar. Dei fleste av desse artane nyttar truleg området til næringsøk, og det er observert sandvale hekkande ved Mjåtveit næringspark og innanfor influensområde. Elvemusling og ål finst i Mjåtveitelva og som allereie nemnd, elvemusling i sidebekken innanfor planområdet. Artsførekomstar vurderast til å ha stor verdi. Det er ikkje registrert artar av stor verdi innanfor delområda som skal konsekvensutgreiast.

⁴ Karlegging og verdivurdering av naturmangfold, Rådgivende Biologer as Rapport: 2336. 2018



Verdikart (Rådgivende biologar). Delområda er innanfor blå sirkel.

Planområdet og dei andre områda som verte påverka av tiltaket skal i samsvar med handboka delast inn i einskaplege delområda, og inndeling av delområda skal basera seg på registreringskategoriane skildra under. Med einskapleg meinast område som har tilnærma lik funksjon, karakter og verdi. For våre delområda er det

ikkje gjort funn av naturmangfald av verdi, og alle delområda handsamast difor som eitt einskapleg delområde i denne utgreiinga.

I handboka presiserast at areal med «ubetydeleg verdi» for tema kan handsamast som ein stor figur (eit areal) som skildrast samla.

Registreringskategoriar

Kartlegging av naturmangfald er knytt til to nivå:

- Landskapsnivå: registreringskategorien landskapsøkologiske funksjonsområde
- Lokalitetsnivå: inkludert enkeltførekomstar, er delt inn i fire registreringskategoriar (verna natur, viktige naturtypar, økologiske funksjonsområder for artar, geostader).

Kategoriar	Forklaring
Landskapsøkologiske funksjonsområde	Viktige areal for naturmangfald, bunden saman av område med naturkvalitetar som legg til rette for vandring/spreiing (økologisk flyt) mellom desse. Landskapsøkologiske funksjonsområde bidreg til bevaring av levedyktige bestandar av artar gjennom flyt av genar/individ mellom leveområda. Landskapsøkologiske funksjonsområde fell inn under definisjonen av «grøn infrastruktur» jf. Stortingsmelding 14 (2015 - 16)
Verna natur	Verna område etter naturmangfaldsloven Prioriterte artar og deira økologiske funksjonsområder
Viktige naturtypar	Viktige naturtypar på land, i ferskvatn og marint, jf. handbøker frå Miljødirektoratet om kartlegging av naturtypar. Utvalde naturtypar Naturtypar av nasjonal forvaltningsinteresse
Økologiske funksjonsområder for artar	Område som oppfyller økologisk funksjon for ein art. Omfattar område i ferskvatn, brakkvatn, kystvatn og på land. Omfattar areal med viktige økologiske funksjonar som ikkje fangast opp av naturtypenivået. Funksjonsområde kan variere mykje i utstrekning, og inkluderer og mindre område i form av førekomstar av artar med spesielle miljøkrav. Funksjonsområder kan omfatte fleire artar som opptre saman på same ressurs.
Geostad	Eit avgrensa område som representerer ein del av vår geologiske arv

Landskapsnivå - naturmangfald

Det er ikkje registrert viktig areal for naturmangfald bunde saman med naturkvalitetar som legg til rette for vandring/spreiing innafør våre delområde. Det vil seie at delområda ikkje er innanfor registreringskategorien landskapsøkologiske funksjonsområde.

Lokalitetsnivå - naturmangfald

Delområda er ikkje verna etter naturmangfaldslova. Det er ikkje registrert viktige naturtypar innanfor planområda. Det er heller ikkje registrert økologiske funksjonsområde for artar i delområda og delområda representerer ikkje ein del av vår geologiske arv.

Vurdering av verdi

Verdsetting av delområde må alltid grunngjevast. Verdier av nasjonal og vesentleg regional interesse høyrer heime i stor og svært stor verdi. Verdikriteria for fagtema naturmangfald er kort samanfatta her:

Ubetydeleg verdi for tema naturmangfald er område som har svært liten eller ingen verdi for naturmangfaldet. Det kan gjelde sterkt nedbygde områder, fulldyrka mark, tett plantasjeskog og areal med dominans av framande, svartelista artar.

Noko verdi er areal som ikkje har spesielle naturverdier, men som likevel ikkje er utan vekt for naturmangfaldet. Dette er «kvardagsnatur» med en representativ flora/fauna for regionen.

Verdsettinga av landskapsøkologiske funksjonsområder kan ta utgangspunkt i eventuelle verdisette delområde som ligg innanfor avgrensinga.

Verna natur etter naturmangfaldslova skal normalt ha svært stor verdi.

Verdsettinga av kategoriane viktige naturtypar baser seg på verdisystemet i Miljødirektoratets rettleiarar.

Verdiar av nasjonal og vesentleg regional interesser høyrer heime i stor og svært stor verdi.

Verdi Kategori	Uten betydning	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Landskaps-økologiske funksjonsområder		Områder med mulig landskaps-økologisk funksjon. Små (lokalt viktige) vilt- og fugletrekk.	Områder med lokal eller regional landskapsøkologisk funksjon. Vilt- og fugletrekk som er viktig på lokalt/ regionalt nivå. Områder med mulig betydning i sammenbinding av dokumenterte funksjonsområder for arter.	Områder med regional til nasjonal landskaps-økologisk funksjon. Vilt- og fugletrekk som er viktig på regionalt/ nasjonalt nivå. Områder som med stor grad av sikkerhet bidrar til sammenbinding av dokumenterte funksjonsområder for arter.	Områder med nasjonal, landskapsøkologisk funksjon. Særlig store og nasjonalt/ internasjonale viktige vilt- og fugletrekk. Områder som med stor grad av sikkerhet bidrar til sammenbinding av verneområder eller dokumenterte funksjonsområder for arter med stor eller svært stor verdi.
Vernet natur				Verneområder (naturmangfoldloven §§ 35-39 ⁵⁹) med permanent redusert verneverdi. Prioriterte arter i kategori VU og deres ØFO ⁶⁰ .	Verneområder (naturmangfoldloven §§ 35-39). Øverste del forbeholdes verneområder med internasjonal verdi eller status, (Ramsar, Emerald-nettverk m.fl). Prioriterte arter i kategori EN og CR og deres ØFO ⁶⁰ .
Viktige naturtyper		Lokaliteter verdi C (øvre del)	Lokaliteter verdi C og B (øvre del)	Lokaliteter verdi B og A (øvre del) Utvalgte naturtyper verdi B/C (B øverst i stor verdi).	Lokaliteter verdi A Utvalgte naturtyper verdi A.
Økologiske funksjonsområder for arter ⁶¹		Områder med funksjoner for vanlige arter (eks. høy tetthet av spurvefugl, ordinære beiteområder for hjortedyr, sjø/ fjæreatreal med få/små funksjoner). Funksjonsområder for enkelte vidt utbredte og alminnelige NT arter. Ferskvannsfisk: Vassdrag/ bestander i verdikategori «Liten verdi» NVE rapport 49/2013 ⁵⁷ .	Lokalitet til regionalt verdifulle funksjonsområder. Funksjonsområder for arter i kategori NT. Funksjonsområder for fredede arter ⁶² utenfor rødlista. Funksjonsområde for spesielt hensynskrevende arter ⁶³ . Ferskvannsfisk: Vassdrag/ bestander i verdi-kategori «middels verdi» NVE rapport 49/2013 ⁵⁷ samt vassdrag med forekomst av ål.	Viktige funksjonsområder region. Funksjonsområder for arter i kategori VU. Funksjonsområder for NT-arter der disse er norske ansvarsarter og/ eller globalt rødlistet. Ferskvannsfisk: Vassdrag/ bestander i verdikategori «stor verdi» NVE rapport 49/2013 ⁵⁷ samt viktige vassdrag for ål.	Store, veldokumenterte funksjonsområder av nasjonal (nedre del) og internasjonal (øvre del) betydning. Funksjonsområder for trua arter i kategori CR (øvre del). Nedre del: EN-arter og arter i VU der disse er norske ansvarsarter og/eller globalt rødlistet. Ferskvannsfisk: Vassdrag/bestander i verdikategori «svært stor verdi» NVE rapport 49/2013 ⁵⁷ .
Geosteder		Geosteder med lokal betydning.	Geosteder med lokal-regional betydning.	Geosteder regional-nasjonale betydning.	Geosteder med nasjonal-internasjonale betydning.

Figur 28. Verdikriterium for fagtema naturmangfald.

Våre delområde er utan verdi for landskapsøkologiske funksjonsområder. Det er ikkje registrert vilt- og fugletrekk, utover at fugl nyttar områda til vanleg fugleliv.


Naturen i delområda er ikkje verna.

Det er ikkje gjort funn av viktige naturtypar med særleg verdi, innanfor delområda. Det er ikkje høg tettheit av spurvefugl, beiteområde for hjortedyr eller sjø/fjæreatreal med små funksjonar innanfor delområda. Delområda er ikkje funksjonsområde for freda artar.

Delområda er ikkje økologiske funksjonsområder for artar.

Delområda er ikkje ein geostad.

Samla får delområda verdien: Utan verdi



Figur 29. Line med skala for vurdering av verdi for tema naturmangfald.


Påverknad for tema naturmangfald

Påverknad er uttrykk for endringar som det alternative tiltaket vil medføre på delområda. Vurdering av påverknad er relatert til den ferdige etablerte situasjonen og vert målt mot situasjonen i referansealternativet, det vil seie 0-alternativet (ingen utbygging). Dersom tiltaket ikkje påverkar verdiane i nemneverdig grad karakteriserast påverknaden av delområde som ubetydeleg.

Rettleiing for påverknad fagtema naturmangfald:


Påverknad	Økologiske og landskapsøkologiske funksjonsområder for artar	Viktige naturtypar og geostadar	Verneområde
Sterkt forringa	Splittar opp og/eller forringar areal slik at funksjonar vert brote. Blokkerer trekk/vandring der det ikkje er alternativ.	Råkar heile eller størstedelen. Råkar mindre enn 50% av arealet men den viktigaste delen vert øydelagt. Restareal mistar sine økologiske funksjonar.	Påverknad som forringer viktige økologiske funksjonar og er i strid med verneføremålet.
	Generelt: Varig forringing av høg alvorlegheitsgrad. Eventuelt med lang/svært lang restaureringstid (meir ein 25 år)		
Forringa	Splittar opp og/eller forringar areal slik at funksjonen reduserast. Svekkar trekk/vandringsmoglegheit, eventuelt blokkerer trekk/vandringsmoglegheit der alternativ finst.	Råkar 20 - 50% av lokaliteten, men liten forringing av restareal. Ikkje forringing av viktigaste del av lokalitet.	Mindre påverknad som råkar liten/ubetydeleg del og ikkje er i strid med verneføremålet.
	Generelt: Varig forringing av middels alvorlegheitsgrad, eventuelt meir alvorleg miljøskade med middels restaureringstid (meir ein 10 år)		
Noko forringa	Splittar samanheng/reduserar funksjonar, men vesentlege funksjonar oppretthaldast i stor grad. Mindre alvorleg svekking av trekk/vandringsmoglegheit og fleire alternative trekk finst.	Råkar ein mindre viktig del som samtidig utgjer mindre ein 20% av lokaliteten. Liten forringing av restareal.	Ubetydeleg påverknad. Ikkje direkte arealinngrep.
	Generelt: Varig forringing av mindre alvorleg art, eventuelt meir alvorleg miljøskade med kort restaureringstid (1-10 år)		
Ubetydeleg endring	Ingen eller uvesentleg verknad på kort eller lang sikt		
Forbetra	Gjenopprett eller skapar nye trekk/vandringsmoglegheiter mellom leveområde/biotop. Viktige biologiske funksjonar styrkast.	Betrar tilstanden ved at eksisterande inngrep tilbakeførast til opphavleg natur. Gjer ein geotop tilgjengeleg for forskning og undervisning.	Betrar tilstanden ved at eksisterande inngrep tilbakeførast til opphavleg natur.

Alle delområda skal byggast ut, med bustad, barnehage og annan infrastruktur. Desse tiltaka gjer ein ubetydeleg endring for naturmangfaldet, innanfor delområda og influensområda, fordi artane vil kunne leve vidare med dei nye tiltaka.



Figur 30. Skala for påverknad for tema naturmangfold.

Konsekvensvifte for tema naturmangfold:



Samanstilling av konsekvens for naturmangfald:

Ut frå ei heilskapleg fagleg vurdering skal alternativa rangerast frå best til dårlegast. I tillegg skal det gjevast ei vurdering av relativ skilnad i rang, der det vert gjort tydeleg kva alternativ som er relativt like og kva alternativ som er vesentleg betre eller dårlegare enn andre.

Vi har som kjent berre eit utbyggingsalternativ. Alternativet med å legge til rette for bygging i delområda fører til ubetydeleg endring samanlikna med referansealternativet (ingen utbygging) for naturmangfaldet.

Skala	Trinn 2: Kriterier for fastsettelse av konsekvens for hvert alternativ
Kritisk negativ konsekvens	Svært stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Stor andel av strekning har særlig høy konfliktgrad. Vanligvis flere delområder med konsekvensgrad 4 minus (---). Brukes unntaksvis
Svært stor negativ konsekvens	Stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Vanligvis har stor andel av strekningen høy konfliktgrad. Det finnes delområder med konsekvensgrad 4 minus (---), og typisk vil det være flere/mange områder med tre minus (--).
Stor negativ konsekvens	Flere alvorlige konfliktpunkter for temaet. Typisk vil flere delområder ha konsekvensgrad 3 minus (- -).
Middels negativ konsekvens	Delområder med konsekvensgrad 2 minus (-) dominerer. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Noe negativ konsekvens	Liten andel av strekning med konflikter. Delområder har lave konsekvensgrader, typisk vil konsekvensgrad 1 minus (-), dominere. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Ubetydelig konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlig endring fra referansesituasjonen (referansealternativet). Det er få konflikter og ingen konflikter med høye konsekvensgrader.
Positiv konsekvens	I sum er alternativet en forbedring for temaet. Delområder med positiv konsekvensgrad finnes. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.
Stor positiv konsekvens	Stor forbedring for temaet. Mange eller særlig store/viktige delområder med positiv konsekvensgrad. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.

I den utfylte tabellen under går det fram kva som er utslagsgjevande i den samla vurderinga. Kva som leggst vekt på er gjort på grunnlag av den faglege vurderinga. I handboka er det poengtert at dersom alle område er lagt vekt på i same grad, kan raden «avveging» stå tom. Det har vi gjort i dette tilfelle. I vår vurdering i høve til tema naturmangfald er alle delområda lagt vekt på i same grad. Resultata frå denne tabellen skal inngå i den samla vurderinga av ikkje prissette tema i trinn 3.

Naturmangfald	Alt 0 (referansealternativet)	Alt 1 (utbyggingsalternativet)
Alle delområde	Ubetydeleg verdi	Ubetydeleg verdi
Avveging	Alle delområde er lagt vekt på i same grad i høve til tema naturmangfald	Alle delområde er lagt vekt på i same grad i høve til tema naturmangfald
Samla vurdering	Ved ingen utbygging vil mellom anna ikkje barnehage kunne etablerast Ubetydeleg konsekvens for tema naturmangfald	Fleire barn og unge vil kunne nytta områda på Mjåtveitstø som læringsarena og aktivitetsområde, fleire bustadar med god bukvalitet kan etablerast Ubetydeleg konsekvens for tema naturmangfald
Rangering	Ikkje anbefalt (det dårlegaste alternativet)	Anbefalt alternativ (det beste alternativet)
Forklaring til rangering	Samanlikna med utbyggingsalternativet vil ikkje dette alternativet ha same positive konsekvens	Eit betre alternativ sidan delområda har ubetydeleg verdi, og ei utbygging ikkje vil føre til endring for naturmangfaldet

Det er ikkje foreslått skadereducerande tiltak under tema naturmangfald.


8 Landskapsbilete

Her skildrar vi landskapsbiletet i området som kan verte påverka av områdeplanen. Føremålet er å bringe fram kunnskap om verdifulle område for temaet, og gjere greie for konsekvensane av utbyggingsalternativet. Det har vore gjennomført synfaring, og det er tatt utgangspunkt i foto og kart for å dokumentere landskapsbilete. Med dette som bakgrunn er området gjeve ein verdi. Deretter har vi vurdert landskapspåverknaden som nye tiltak vil ha. Til slutt har vi vurdert dei samla konsekvensane for landskapsbiletet. Fyrst i utgreiinga av landskapsbilete definerast delområde og influensområde.

Landskapsbilete handlar om landskapet sine romlege og visuelle eigenskapar og korleis landskapet opplevast som fysisk form. Landskapsbilete omfattar alle omgjevnader, frå det tette bylandskap til det urørde naturlandskap.


Landskapsbilete: Skildring av delområde og influensområde

Meland høyrer hovudsakleg til landskapsregion Ytre fjordbygder på Vestlandet. Ein mindre del i vest høyrer til Kystbygdene på Vestlandet (Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, Aurland Naturverkstad, 2011).



Figur 31. Utsnitt av NIBIOs kart over landskapsregionar i Noreg. Landskapsregion 21, Ytre fjordbygder på Vestlandet er vist med lys grønt. Planområdet er omtrentleg merka.

Ytre fjordbygder på vestlandet har fleire underkategoriar. Vårt område tilhøyrer landskapstypen åslandskap og skogsåsar, og grenser til landskapstypen sprekkedal i nord og landskapstypen middels breie fjordløp i sør.




Figur 32. Kart over Åslandskap og skogsåsar.

Åslandskap utgjer i hovudtrekk område med bølgende veksingar mellom ryggar, kollar og forseinkingar av ulik utforming -frå markerte sprekkedalar til opne, lågtliggende botnar og dalgangar. Verdien av desse områda er i

hovudsak vurdert til vanleg førekommande landskap. Verdiklassen for vårt planområde er sett til vanleg førekommande landskap, altså med ein låg verdi.


I by- og tettstadenære område rundt Bergen og i Nordhordland vil større vegutbyggingar, bustadfelt og det å leggje til rette for store næringsareal skape til dels betydelege endringar i landskapet sin karakter. I sær tiltak som får følgjer for dei langsgåande åskammene og ryggene som skil landskapsområda.

Området nord for planområdet tilhøyrar landskapstypen sprekkedaler. Sprekkedalen nord for planområdet har fått verdiklasse middels verdi.




Figur 33. Kart over sprekkedaler.


Sør for planområdet tilhøyrar landskapstypen middels breie fjordløp. Fjordløpet har fått middels verdi.




Figur 34. Kart over middels breie fjordløp.




Figur 35. Flyfoto frå sør mot nord.




Figur 36. Flyfoto frå vest mot aust.



Figur 37. Flyfoto frå nord mot sør.



Figur 38. Flyfoto frå aust mot vest.



Figur 39. 3D- modellert terreng og bygningar frå kommunkart.com.

Landskapets karakter

Fastsetting av landskapet sin karakter handlar om korleis romlege og visuelle eigenskapar i eit samspel med landskapskomponentar og landskapselement får eit område til å tre fram med eit einskapleg uttrykk. For temaet landskapsbilete er det landskapet sine romlege og visuelle eigenskapar med naturlege og menneskeskapte komponentar og element som utgjer registreringskategoriane, i samsvar med tabellen under.

Registreringskategorier	Forklaring
Topografiske hovedformer	Landformer og terrengformer. Kystlinjer. Større vassdrag, breer, fjordsystemer, skjærgård og sjøområder. Storskala- og småskala landskap. Variasjoner i relieff.
Romlige egenskaper	Avgrensninger, strukturer og andre visuelle uttrykk som danner landskapsrom. By- og gaterom.
Naturskapte visuelle egenskaper	Ubrutte sammenhenger fra fjord til fjell, åskammer, fjellrygger, horisontlinjer og strandlinjer. Naturpregede områder med tydelige brudd eller overganger i landskapet. Særlige naturfenomen og temporære variasjoner i vær og årstidsvekslinger.
Naturskapte nøkkelementer	Fremtredende terrengformasjoner, landemerker og orienteringspunkter. Naturminner som geologiske formasjoner eller enkeltstående særpregede trær.
Vegetasjon	Form- og strukturdannende vegetasjon kan være naturlig, kulturpåvirket, eller kultur-betinget. Vegetasjonen avtegner seg som mosaikk og mønster i naturlige, kulturpåvirkete eller i rene menneskeskapte miljøer.
Arealbruk	Næringsvirksomhet, landbruk, bosetting, transport, annen infrastruktur.
Byform og arkitektur	Bygninger, plasser, parker, gater, og annen bystruktur.
Menneskeskapte visuelle egenskaper	Sammenhengende bebygde områder, gateløp, vegsystem, stisystem, kraftlinjer, jord- og skogbruksområder, fysiske grenselinjer, alleer, trekker. Menneskeskapte områder med tydelige brudd eller overganger i landskapet.
Menneskeskapte nøkkelementer	Landemerker, knutepunkt, fremtredende bygninger, tekniske installasjoner, formklippede særpregede trær, trær med arkitektonisk betydning.

Gjennom ei kvalitativ vurdering av registreringskategoriane skildrast landskapsbilete sin karakter for våre delområde. I varierende grad vil dei ulike kategoriane bidra til eit området sin karakter. Kategoriane sin verdi er vist på skalaen: «uvesentleg» - «mindre viktig» - «viktig» - «svært viktig» - «avgjerande». Landskapsbilete sin karakter vert fastsett av dei registreringskategoriane som har størst vekt/verdi, og oppsummerast og presenterast i ein kort tekst, ved hjelp av tabellen under.

Fastsett karakter for landskapsbilete for delområda

Våre delområde er del av den topografiske hovudforma åslandskap. Delområde 4 kan karakteriserast med ein romleg eigenskap som oppe og inviterande. Delområda har ikkje spesielle naturskapte visuelle eigenskapar eller naturskapte nøkkelement. Delområde 4 har vegetasjon som er påverka av kultur. Det vil seie at det er eit kulturlandskap. Det er ikkje verksemd av noko slag innanfor delområda i dag. Det er ikkje noko spesiell form eller arkitektur innanfor delområda. Delområde 4 har nokon menneskeskapte visuelle eigenskapar i form av kulturlandskapet, og menneskeskapte nøkkelement i dei eksisterande gamle kistegrøfter og steingarder.

Kategoriar	Omtale	Tyding uvesentleg - mindre viktig - viktig - svært viktig - avgjerande
Topografiske hovudformer	Åslandskap	Mindre viktig
Romlege eigenskapar	Eit av delområda er oppe og inviterande	Viktig
Naturskapte visuelle eigenskapar	Område har ikkje spesielle naturskapte visuelle eigenskapar	Mindre viktig
Naturskapte nøkkelement	Delområda har ikkje spesielle naturskapte nøkkelement	Mindre viktig
Vegetasjon	Deler av områda har vegetasjon som er påverka av kultur (kulturlandskap)	Viktig
Arealbruk	Delområda er ikkje i bruk til noko verksemd i dag	Mindre viktig
Byform og arkitektur	Det er ikkje noko spesiell form eller arkitektur i delområda i dag	Mindre viktig
Menneskeskapte visuelle eigenskapar	Kulturlandskapet i delområde 4	Viktig
Menneskeskapte nøkkelement	Kistegrøft i delområde 4	Viktig

Vurdering av verdi for tema landskapsbilete

Som oftast vil landskapsbileta sin karakter utløyse fleire aspekt for verdivurdering. Ein vurderer av kven av dei som er mest relevante. Når fleire aspekt nyttast kan til dømes eit delområde ha noko reduserte visuelle kvalitetar (noko verdi), men fell òg inn under god balanse mellom variasjon og heilskap (middels verdi). I slike tilfelle må ein gjere ein fagleg vurdering av kva verdiar som veg tyngst og som angir verdien for delområde. Verdsettinga må grunnjævast. For tema landskapsbilete vil til dømes middels verdi tilsvare eit delområde som har gode visuelle kvalitetar, som har god balanse mellom heilskap og variasjon, eller som har særpreg.

Ved vurdering av verdi ligg landskapsbileta sin karakter til grunn for det einskaplege delområde. Kriterium for verdsettinga er gjeve i tabellen under. Desse skal nyttast for å kome fram til ein verdi for det einskilde delområde. Det er skildra eit sett med aspekt som skal sjekkast ut i høve til den fastsette karakteren for landskapsbiletet. Det einskilde aspekt er gradert i tråd med verdiskalaen. Vurderinga skal grunnjævast kort og konsist.

Dei aspekta som vi meiner er viktige å vurdere for våre delområde er visuelle kvalitetar, heilskap/variasjon, særpreg, arkitektur og totalinntrykk. Områda inngår ikkje i landskapstypar som er sjeldne regionalt eller har kvalitetar av lokal og/eller regional tyding. Sjeldanheit, representativitet og forvaltningsprioritet/prioriterte landskapsområde er difor ikkje aspekt som er verdivurdert her.


Verdi ASPEKTER	Uten betydning	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Visuelle kvaliteter	Delområde uten visuelle kvaliteter	Delområde med noen visuelle kvaliteter	Delområde med gode visuelle kvaliteter, eller kvaliteter av lokal betydning	Delområde med særlig gode visuelle kvaliteter, eller kvaliteter av regional betydning	Delområde med unike visuelle kvaliteter, eller kvaliteter av nasjonal og/ eller internasjonal betydning
Helhet Variasjon	Delområde med dårlig balanse mellom helhet og variasjon	Delområde med mindre god balanse mellom helhet og variasjon	Delområde med god balanse mellom helhet og variasjon	Delområde med særlig god balanse mellom helhet og variasjon	Delområde med unik balanse mellom helhet og variasjon
Særpreget	Delområde uten særpreget	Delområde med lite særpreget	Delområde med særpreget	Delområde med stort særpreget	Delområde med svært stort særpreget
Byform Bystruktur	Delområde der byformen/ bystrukturen er fragmentert/ sprengt/ ødelagt	Delområde der byformen/ bystrukturen er noe fragmentert	Delområde med god byform/ bystruktur	Delområde med særlig god byform/ bystruktur	Delområde med en unik byform/ bystruktur
Arkitektur	Bebyggelse, bygninger, byrom, infrastruktur og landskap mangler sammenheng. Er dårlig tilpasset byens skala	Bebyggelse, bygninger, byrom, infrastruktur og landskap danner tilsammen mindre gode og/eller lite lesbare omgivelser. Er mindre godt tilpasset byens skala	Bebyggelse, bygninger, byrom, infrastruktur og landskap danner tilsammen gode og lesbare omgivelser. Er tilpasset byens skala	Bebyggelse, bygninger, byrom, infrastruktur og landskap danner tilsammen særlig gode og lesbare omgivelser. Er godt tilpasset byens skala	Bebyggelse, bygninger, byrom, infrastruktur og landskap danner tilsammen unike og lesbare omgivelser. Er svært godt tilpasset byens skala
Totalinntrykk	Delområde der landskap og bebyggelse/ anlegg til sammen gir et dårlig totalinntrykk	Delområde der landskap og bebyggelse/ anlegg til sammen gir et noe redusert totalinntrykk	Delområde der landskap og bebyggelse/ anlegg til sammen gir et godt totalinntrykk	Delområde der landskap og bebyggelse/ anlegg til sammen gir et spesielt godt totalinntrykk	Delområde der landskap og bebyggelse/ anlegg til sammen gir et unikt totalinntrykk
Sjeldenhet Representativitet ⁴¹			Delområdet inngår i landskapstyper som er fåtallig/sjeldne regionalt	Delområdet inngår i landskapstyper som er fåtallig/sjeldne nasjonalt	
Forvaltningsprioritet/ Prioriterte landskapsområder ^{42,43}			Delområdet har kvaliteter av lokal og/eller regional betydning	Delområdet har kvaliteter av regional og/eller nasjonal betydning	Delområdet har kvaliteter av nasjonal og/eller internasjonal betydning

Verdikriterium for tema landskapsbilette

Våre delområde har gode visuelle kvaliteter og spesielt delområde 4 har kvalitet av lokal interesse. Våre delområde har god balanse mellom heilskap og variasjon. Det vil seie at delområda både omfattar høgdedrag og eit stort ope område. Delområde 4 er vidare eit område med særpreget ved si opne form og sitt kulturlandskap. Når det gjeld garden Mjåtveitstø og samanhengen spesielt til delområde 4, dannar bygningane og landskapet saman gode og lesbare omgivelser. Ein kan seie at landskapet og bygningane i delområda og mot influensområdet på garden Mjåtveit til saman gjev eit godt totalinntrykk. Delområda har difor fått verdien: Middels verdi.

Skala for vurdering av verdi

Handboka (V712) gjev føringar for kva kriterium som er viktige i verdivurderinga av tema landskapsbilette og i tråd med desse er delområda gjevne middels verdi for tema landskapsbilette. Våre delområde har gode visuelle kvaliteter, god balanse mellom heilskap og variasjon, og har særpreget.



Figur 40. Line med skala for vurdering av verdi for tema landskapsbilete.

Landskapsbilete: Tiltaket sin påverknad

Påverknad er uttrykk for endringar som tiltaket vil føre til på delområda. Vurdering av påverknad skal relaterast til den ferdige etablerte situasjonen. Vurderinga av påverknad byggjer opp om kriteria som er brukt. Påverknad kan skje gjennom direkte inngrep, fragmentering, barriereverknad, nærføring og/eller synlegheit. Her skal det tydeleggjerast på kva måte tiltaket vil kunne endre landskapet sin visuelle karakter.

Tiltaket sin påverknad	Forankring og lokalisering	Landskaps- og terrenginngrep	Skala	Lineføring	Arkitektonisk utforming
Øydelagt/sterkt forringa	Tiltaket er ikkje forankra, fører til uheldig fragmentering, eller bryt i stor grad med landskapsbiletes karakter	Tiltaket fører til ein stor endring i landskapet, eller fører til svært skjemmande inngrep	Tiltaket dominerer i stor grad over landskapets skala	Tiltaket har svært dårleg rytme, er prega av knekk, sprang, har ein svært uheldig romkurve	Tiltaket framstår heilt utan arkitektonisk heilskap, har svært dårleg design
Forringa	Tiltaket er dårleg forankra, fører til fragmentering, eller bryt med landskapsbiletes karakter	Tiltaket fører til skjemmande inngrep	Tiltaket dominerer over landskapets skala	Tiltaket har dårleg rytme, er prega av knekk, sprang, ein uheldig romkurve	Tiltaket framstår i liten grad med arkitektonisk heilskap, har dårleg design
Noko forringa	Tiltaket er noko forankra, fører til noko fragmentering, eller bryt i ein viss grad med landskapsbiletes karakter	Tiltaket fører til noko skjemmande inngrep	Tiltaket dominerer noko over landskapets skala	Tiltaket har noko dårleg rytme, er noko prega av knekk, sprang, ein uheldig romkurve	Tiltaket framstår i nokon grad med arkitektonisk heilskap, har noko dårleg design
Ubetydeleg endring	Tiltaket er forankra, fører til i liten grad fragmentering, eller bryt i liten grad med landskapsbiletes karakter	Tiltaket fører ikkje til skjemmande inngrep	Tiltaket er tilpassa skalaen i landskapet, eller er underordna denne	Tiltaket har god rytme, er utan knekk eller sprang, har god romkurve	Tiltaket framstår med arkitektonisk heilskap
Forbetra	Tiltaket er godt forankra, fører ikkje til fragmentering, eller forsterkar landskapsbiletes karakter	Tiltaket gjer at øydelagt/sterkt forringa landskap vert sett i stand	Tiltaket har god tilpassing til skalaen i landskapet, eller framhevar denne	Tiltaket har særleg god rytme og romkurve som framhevar landskapsskulpturen	Tiltaket framstår med særleg god arkitektonisk heilskap, har god design og materialkvalitet

Skalaen for påverknad er delt inn i fem trinn og går frå sterkt forringa til forbetra. Vurderinga av påverknad skal gjerast i høve til situasjonen i 0-alternativet (eksisterande situasjon). Påverknadsfaktorar for tema landskapsbilete er gjeve i tabellen over.

Tiltaket sin påverknad på forankring og lokalisering

Det vert planlagt å etablere ein barnehage i delområde 4. I dei andre delområda planlegg ein bustadar og annan infrastruktur, mellom anna gangveggar og uteareal. Den planlagde barnehagen og dei nye bustadane i delområda vil føre til ubetydeleg endring i høve til forankring og lokalisering. Planlagt tiltak skal i liten grad bryte med landskapets karakter.

Tiltaket sin påverknad på landskap- og terrenginngrep

Den planlagde barnehagen og dei nye bustadane vil ikkje føre til skjemmande inngrep. Alle nye bygningar skal tilpassast terreng og landskap. I høve til landskap- og terrenginngrep vil planlagt tiltak føre til ubetydeleg endring på landskapsbiletet.

Tiltaket sin påverknad på skala

Planlagt ny barnehage og bustadar i delområda vil kunne dominere noko over landskapet sin skala, men barnehagen og dei nye bustadane skal tilpassast landskapet.


Tiltaket sin påverknad på lineføring

Planlagt ny barnehage og bustadar i delområda, har god rytme og god romkurve. For lineføring vil planlagt tiltak berre gje ubetydeleg endring på landskapsbilete.

Tiltaket sin påverknad på arkitektonisk utforming

Den planlagde barnehagen og bustadar i delområda, vil gå inn i ein arkitektonisk heilskap. Tiltaka er sett i samanheng med tilhøyrande byggjeområde, som er i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Det er knytt krav i føresegna til estetikk og arkitektonisk utforming. I høve til arkitektonisk utforming vil planlagt tiltak føre til ubetydeleg endring.


Samla har vi gjeve tiltaket sin påverknad på landskapsbilete: Ubetydeleg endring.



Figur 41. Skala for påverknad: landskapsbilete.

Konsekvens for delområda

Konsekvens for kvart delområde kjem fram ved å halde saman verdivurderinga med vurderinga av tiltaket sin påverknad, vist på konsekvensvifta under.



Konsekvensvifte landskapsbilete

Landskapsbilete: Konsekvens av alternativ

I tabellen sin samanstilling av konsekvens går det fram at delområda er vurdert samla. Tiltaka sin synlegheit er sentralt i dette tema, og vert skildra og dokumentert med illustrasjonar/visualisering.

Det kan vere stor skilnad på kor synleg eit tiltak er. Avstanden til tiltaket og kva del av tiltaket som er synleg har vekt. Eit skjemmaende/dårleg utforma tiltak som er synleg i eit stort område, eller er synleg for mange menneske, kan vurderast som meir negativt enn eit skjemmaende tiltak som er lite synleg for omgjevnadene. Visuelle verknadar kan òg vere positive. Visuelle brot i større strukturar kan tilleggjast vekt.

Barnehagen er planlagt som eit klyngetun, med små låge bygningar som omkransar tunet. Nabobusetnaden mot aust er planlagt med flate tak. I det store landskapsbiletet vil planlagt tiltak ikkje vere spesielt synleg, samstundes som ein vil få god samanheng mellom planlagde bustadar mot vest og mot aust. Den planlagde barnehagen og dei planlagde busetnadane i delområda vil ikkje vere skjemmaende for menneske eller for omgjevnadane.

Samanstilling av konsekvens:

Landskapsbilete	Alt 0 (referansealternativet)	Alt 1 (utbyggingsalternativet)
Alle delområde	Ubetydeleg verdi	Ubetydeleg verdi
Avvegning	Alle delområde er lagt vekt på i same grad i tema landskapsbilete	Alle delområde er lagt vekt på i same grad i tema landskapsbilete
Samla vurdering	Ved ingen utbygging vil mellom anna ikkje barnehage kunne etablerast Ubetydeleg konsekvens for tema landskapsbilete	Fleire barn og unge vil kunne nytta områda på Mjåtveitstø som læringsarena og aktivitetsområde, fleire bustadar med god bukvalitet kan etablerast. Positivt for folkehelsa. Ubetydeleg konsekvens for tema landskapsbilete
Rangering	Ikkje anbefalt (det dårlegaste alternativet)	Anbefalt alternativ (det beste alternativet)
Forklaring til rangering		

Resultata frå tabellen inngår i den samla vurderinga av ikkje-prisette tema i trinn 3.

Skala	Trinn 2: Kriterier for fastsettelse av konsekvens for hvert alternativ
Kritisk negativ konsekvens	Svært stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Stor andel av strekning har særlig høy konfliktgrad. Vanligvis flere delområder med konsekvensgrad 4 minus (- - -). Brukes unntaksvis
Svært stor negativ konsekvens	Stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Vanligvis har stor andel av strekningen høy konfliktgrad. Det finnes delområder med konsekvensgrad 4 minus (- - -), og typisk vil det være flere/mange områder med tre minus (- -).
Stor negativ konsekvens	Flere alvorlige konfliktpunkter for temaet. Typisk vil flere delområder ha konsekvensgrad 3 minus (- -).
Middels negativ konsekvens	Delområder med konsekvensgrad 2 minus (- -) dominerer. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Noe negativ konsekvens	Liten andel av strekning med konflikter. Delområder har lave konsekvensgrader, typisk vil konsekvensgrad 1 minus (-), dominere. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Ubetydelig konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlig endring fra referansesituasjonen (referansealternativet). Det er få konflikter og ingen konflikter med høye konsekvensgrader.
Positiv konsekvens	I sum er alternativet en forbedring for temaet. Delområder med positiv konsekvensgrad finnes. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.
Stor positiv konsekvens	Stor forbedring for temaet. Mange eller særlig store/viktige delområder med positiv konsekvensgrad. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.

Forslag til skadereduserende tiltak som kan bidra til å redusere negativ verknad for landskapsbilete

Når det gjeld landskapsbilete vil tiltak særleg dreie seg om ulike løysingar/utformingar av konstruksjonar, terreng-/strukturendringar og liknande. Det kan og vere terrengarbeid eller endringar i høgde som minskar storleiken på skråningar og skjeringar. Reetablering av vegetasjon med eit sentralt/avgjerande visuelt uttrykk, som skogkantar, trerekker og alléar kan og vere aktuelle tiltak.

Aktuelle skadereduserande tiltak kan inngå i ei formingsrettleiing. Ei formingsrettleiing er eit dokument som gjev føringar for tiltaket si utforming. Den skal vise formingsprinsipp for vegar, sideterreng, planting, materialbruk m.m. Formålet med formingsrettleiinga er å sikra kvalitet og heilskap i utforminga.

9 Naturressursar

Føremålet i dette kapittelet er å bringe kunnskap om verdifulle område for tema naturressursar, og få fram konsekvensane for dei to alternativa. Det skal tydeleggjerast kva alternativ som er best og dårlegast for tema naturressursar. Temaet omfattar blant anna jordbruk, utmarksareal, fiskeri, vatn og mineralressursar.

Ein skal under dette temaet sjå på samfunnet si interesse og behov for å ha ressursgrunnlaget tilgjengeleg for framtida. Det gjeld både som grunnlag for sysselsetting og verdiskaping og av omsyn til samfunnstryggleik. Vurderinga skal omfatte både mengde og kvalitet på naturressursen.

Med fornybare ressursar viser ein til vatn, fiskeriressursar i sjø og ferskvatn og andre biologiske ressursar. Vatnressursar er her avgrensa til ferskvatn og gjeld kjelder for drikkevatn og jordbruksvatning. Det omfattar både overvatn og grunnvatn.

I 2015 vedtok Stortinget ein nasjonal jordvernstrategi med eit årleg tak på omdisponering av jordbruksareal. Det blei satt eit årleg mål for omdisponering av jordbruksareal til maksimalt 4000 dekar. Målet skal nåast gradvis fram til 2020 og er ein innskjerping av tidlegare mål på maksimalt 6000 dekar per år. Målet skal ikkje delast på sektorar eller regionar, men gjeld nasjonalt. Det er difor eit ansvar i all planlegging å søke å minimere bruken av jordbruksareal til andre føremål.

- *Dyrkbart areal i skogsområde vurderast under ikkje-prisette konsekvensar*

Arealet til den planlagde barnehagen er i KPA sett av til LNFR-areal. Dette arealet samsvarer i hovudsak med areal som er registrert med fulldyrka jord (Kilden, NIBIO - Norsk institutt for bioøkonomi). Arealet er ikkje i drift til landbruk i dag. Det har vore jordbruksaktivitet knytt til garden Mjåtveitstø i tidlegare generasjonar. Dette er omtala i kulturminnedokumentasjonen lagt ved planforslaget, og repeterast her:

Det er ikkje landbruksaktivitet i området avsett til barnehage i dag. Det er ikkje spesielle aktivitetar i området som gjer at det er viktig å bevare området som landbruksareal, og det er ikkje planlagt framtidige aktivitetar som gjer at dette området er særskilt viktig som potensielt landbruksareal. Det er sjølvstendig viktig å bevare potensielt landbruksareal med tanke på framtida, men dette arealet er ikkje spesielt godt eigna til dette blant anna på grunn av storleiken (lite areal og kvaliteten på jordsmonnet).

Dette arealet er omtrentleg 5000m², og ligg tett på planlagt busetnad. Det ligg i dag litt for seg sjølv og ikkje i direkte samheng med resten av garden på Mjåtveitstø, på grunn av nokre fjellknausar som skil det av i høve til resten av garden. Arealet er registrert med fulldyrka jord, men arealet er lite i storleik.

Naturressursar: Influensområde og delområde

I høve til tema naturressursar er det naturleg å sjå på eit influensområde kor også garden Mjåtveitstø og tilhøyrande kulturlandskap er inkludert. Det vi veit er at arealet med planlagt barnehage er registrert med fulldyrka jord, men det er i dag ikkje i bruk som jordbruksareal. Når det gjeld registreringskategorien jordbruk skal alt jordbruksareal, fulldyrka jord, overflatedyrka jord registrerast og vurderast.

Registreringskategori	Forklaring
Jordbruk	Alt jordbruksareal, det vil seie fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. I tillegg registrerast og vurderast dyrkbar jord. Dyrkbar jord er ikkje del av jordvernmålet.
Reindrift	Beiteområde delt på årstidsbeiter, kalvingsområder, trekkleier, flyttleier, faste installasjonar/anlegg, oppsamlingsområde og andre viktige funksjonsområde og samvirke mellom desse.
Utmark	Beiteområde for husdyr (utmarksbeite), og viktige område for vilt som jaktressurs og ferskvassfiske i næringsområde
Fiskeri	Gyte- og oppvekstområde for haustbare artar i kystvatn inkludert strømningsstilhøve i sjøen. I tillegg inngår fiskeplassar for aktive og passive reiskapar, andre viktige ressursområde i sjø og kaste- og låssetjingsplassar.
Vatn	Vatn som naturressurs omfattar eksisterande og framtidige kjelder for uttak av drikkevatn, vatn til næringsføremål (fellesnemning drikkevatn) og større grunnvassreservoar (akvifer).
Mineralressursar	Desse delast inn i fem ulike grupper: industrimineraler, naturstein, byggjeråstoff (frå fast fjell og lausmasser), metalliske malmar og energimineraler. Desse gruppene inngår i kategoriane førekomstar, prospekt og område med tildelte utvinningsrettar ut frå kor omfattande lokaliteten er undersøkt.

I vårt område er registreringskategoriane reindrift, utmark, fiskeri, vatn og mineralressursar ikkje relevante. Sidan eit av delområda består av fulldyrka jord er det berre dette jordbruksarealet som omtalast særskilt. Overflatedyrka jord og innmarksbeite er difor ikkje omtala særskilt når dette ikkje er del av delområda i utgreiinga.

Naturressursar: Registreringskategoriar

Området som vart påverka av tiltaket er delt inn i delområde og er vist på kartet under. Inndeling i delområde er basert på registreringskategorien jordbruk. Eit delområde er einskapleg dersom det har tilnærma lik funksjon, karakter og verdi. I vårt tilfelle er det eit delområde med lik verdi og karakter. Det er berre eit av våre delområde som er registrert med ein naturressurs av verdi.

I handboka er det klargjort at jordbruk skil seg noko frå dei andre registreringskategoriane når det gjeld inndeling i delområde. Arealeiningane som registrerast og verdsettast er ofte delt opp i mange små einingar som utgjer eit finmaska nett av kartfigurar. For planar som omfattar eit avgrensa område som her, kan enkeltfigurane inngå som delområde slik dei går fram av verdikartet.

Naturressursar: Vurdering av verdi

Alle delområde verdsettast og framstillast på verdikart. Vurderingane er grunngeve i ein kort og konsis tekst. Verdivurderinga byggjer logisk opp under kriteria som er brukt.

	Uten betydning	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Forvaltnings-prioritet	Uten betydning for temaet eller sterkt reduserte kvaliteter		Forvaltnings-prioritet	Høy forvaltnings-prioritet	Høyeste forvaltnings-prioritet
Viktighet/betydning for fagtemaet		Alminnelig/lokalt vanlig	Lokal/regional betydning	Regional/nasjonal betydning	Nasjonal/ internasjonal betydning Unikt
Funksjoner og sammenhenger		Kontekst/sammenheng er lite synlig	Kontekst/sammenheng er noe fragmentert	Viktige sammenhenger og funksjoner	Særlig viktige sammenhenger og funksjoner
Bruksfrekvens		Betydning for få	Betydning for flere	Betydning for mange	Betydning for svært mange
Faglige kvaliteter ³⁸		Få kvaliteter	Gode kvaliteter	Særlig gode kvaliteter	Unike kvaliteter


Figur 42. Tabell for generelt grunnlag for verdsetting.

Tabellen angir verdivurdering knytt til dei ulike kategoriane. Nokon gonger vil fleire kategoriar vere relevante for verdivurderinga. Ein må i slike tilfelle gjere ei vurdering av kva kriterium som er mest relevante. Som utgangspunkt er kategorien med høgast verdi styrande for verdsettinga. Delområde med ubetydeleg/noko verdi som ikkje reknast å vere avgjerdsrelevante, kan omtalast samla. Klassen «svært stor verdi» er reservert for eit fåtal lokalitetar og skal berre omfatta det heilt spesielle.

Vårt delområde som er registrert som jordbruk med fulldyrka mark har ikkje lokal/regional betydning for jordbruket, og har få kvaliteter som jordbruksareal i dag mellom anna på grunn av storleiken. På garden Mjåtveitstø er det heller ikkje jordbruk i dag. Ei utbygging på barnehagetomta vil ikkje gje lågare kvalitet eller føre til mindre verdi på arealet knytt til garden i høve til naturressursar.

Jordbruk

For jordbruksareal og dyrkbar jord gjerast verdsetting med utgangspunkt i temakart frå NIBIO lagt ut i kartløysinga Kilden.



Figur 43. Jordbruksareal i og i nærleiken av delområda (Kilden, NIBIO).

Verdi av jordbruksareal tek utgangspunkt i jordsmonnkart der det er tilgjengeleg. For område med jordsmonnkart tek verdsettinga utgangspunkt i temakart jordressursar. Dette temakartet viser dyrka jord delt inn i fire klassar basert på jordsmonnet sine agronomiske eigenskapar, ubunden av klima og terrengtilhøve. Desse data er kopla saman med data om terrengtilhøve. Samla er dette grunnlaget for dei endelege verdiklassane som er presentert i Kilden.



Figur 44. Dyrkbar jord skravert i raudt (Kilden, NIBIO).

Våre delområde er ikkje del av delkategorien dyrkbar jord vist med raud skravur på kartet over.

Verdikriterium for fagtema naturressursar:

Regis- trerings- kategori	Del- kategori	Ubetyde- lig verdi	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Jord- bruk ⁷⁸	Jorbruks- areal med jords- monnkart		Jordressursklasse 3 med store driftstekniske begrensninger Jordressursklasse 4	Jordressursklasse 2 med store driftstekniske begrensninger Jordressursklasse 3 uten store driftstek- niske begrensninger	Jordressursklasse 1 med store driftstekniske begrensninger Jordressursklasse 2 uten store driftstek- niske begrensninger	Jordressursklasse 1 uten store driftstekniske begrensninger
	Fulldyrka jord uten jords- monnkart			Organisk jord eller jorddekt, tungbrukt	Jorddekt, lettbrukt og mindre lettbrukt ⁷⁹	
	Over- flate- dyrka jord eller innmarks- beite uten jords- monnkart		Grunnlendt eller organisk jord	Jorddekt		
	Dyrkbar jord		Organisk jord. Jorddekt, ikke tidligere dyrka, som enten er tørkesvak eller ikke selv- drenert, eller er selv- drenert og blokkrik eller svært blokkrik.	Jorddekt, tidligere dyrka. Jorddekt, ikke tidligere dyrka, som er selvdrenert og ikke blokkrik.		
Reindrift	Flyttlei, trekk- lei og anlegg		Gjerder og anlegg ikke i bruk	Mindre brukte trekkleier Mindre viktige gjerder og anlegg	Alternative flyttleier Trekkleier Gjerder og anlegg med alternativ	Aktive flyttleier Gjerder og anlegg uten alternativ
	Beiteom- råder og kalvings- område			Mindre viktige beiteområder	Særlig viktige beiteområder	Kalvingsområder Beiteareal som er minimumsfaktor

Når det gjeld vårt delområde i høve til verdikriteria lista opp over, er delområdet under delkategorien fulldyrka jord utan jordsmonnkart. Fulldyrka jord utan jordsmonnkart har middels verdi om det er organisk jord eller jorddekt, tungbrukt. Det har stor verdi om det er jorddekt, lettbrukt og mindre lettbrukt. Vårt delområde har ikkje særleg verdi som jordbruksareal. Jorda har ikkje tilstrekkeleg djupne.



Figur 45. Line med skala for vurdering av verdi for tema naturressursar.

Naturressursar: Tiltaket sin påverknad

Påverknaden er dei endringar som planlagde tiltak vil føre til på delområda i høve til naturressursar, og i vårt tilfelle i høve til jordbruk. Skalaen er som kjend delt inn i fem trinn og går frå sterkt forringa til forbetra. Når det gjeld jordbruk er den viktigaste faktoren for å vurdere påverknad, tap av areal innanfor dei ulike arealtypeane. For alle typar planar skal arealtap av fulldyrka jord, overflatedyrka jord, innmarksbeite og dyrkbar jord skildrast.

Tiltakets påvirkning	Jordbruk	Reindrift	Utmark	Fiskeri	Vann	Mineralressurser
Ødelagt/ sterkt forringet	Betydelig areal foreslås omdisponert. Utbyggingsforslaget berører kjerneområde for landbruk eller et stort, sammenhengende jordbruksområde slik at det i stor grad reduserer muligheten til effektiv utnyttelse av jordbruksareal.	Stenging av flyttlei. Inngrep i kalvingsområder som gjør disse ubrukelige. Inngrepet avskjærer eksisterende beiteområder for framtidig bruk.	Arealbeslag eller fragmentering som fjerner muligheten til effektiv utnyttelse av beiteområder. Fragmentering, vandringshindre eller andre effekter som fjerner mulighetene for næringsmessige utnyttelse av jakt og fiske.	Størstedelen av lokalitet blir varig beslaglagt. Lokalitetens funksjoner går tapt eller blir tilnærmet ødelagt.	Drikkevannskilde må tas ut av bruk. Akvifer forventes varig påvirket av forurensning eller vil få senket grunnvannstand / poretrykk.	Gjennomføring av planen vil hindre all utnyttelse eller begrense uttak av forekomsten med minst 75 % av utnyttbar mengde.
Forringet	Større areal foreslås omdisponert. Utbyggingsforslaget berører sammenhengende jordbruksområde av noe størrelse slik at det reduserer muligheten til effektiv utnyttelse av jordbruksareal.	Mindre inngrep i kalvingsområder som tilnærmet kan brukes som før. Betydelig arealbeslag eller tap av beite. Sperring av trekklei med få alternativer trekkmuligheter.	Arealbeslag eller fragmentering som i betydelig grad reduserer muligheten til effektiv utnyttelse av beiteområder. Fragmentering, vandringshindre eller andre effekter som i betydelig grad reduserer de mulighetene for næringsmessige utnyttelse av jakt og fiske.	Mer enn 20 % av lokalitet og funksjon går tapt.	Nærføring til tilsigsområde og/eller vannkilde som gir stor fare for påvirkning av drikkevann. Utbygging over en akvifer som gir stor fare for påvirkning.	Gjennomføring av planen vil redusere uttaket med mellom 50 - 75 % av utnyttbar mengde.
Noe forringet	Mindre omdisponering foreslås. Berører et mindre og isolert jordbruksareal.	Arealbeslag eller tap av beite i noe omfang. Sperring av trekklei med flere alternativer trekkmuligheter.	Arealbeslag eller fragmentering av beiteområder som i noen grad reduserer muligheten til effektiv utnyttelse av beiteområder. Fragmentering, vandringshindre og andre effekter som i noen grad reduserer mulighetene for næringsmessig utnyttelse av jakt og fiske.	Mindre enn 20 % av lokalitet og funksjon går tapt.	Utbygging innen 200 m til tilsigsområde eller vannkilde som kan gi fare for påvirkning. Utbygging i kanten av en større akvifer som kan gi fare for påvirkning.	Gjennomføring av planen vil redusere uttaket med mellom 25 - 50 % av utnyttbar mengde.
Ubetydelig endring	Jordbruksareal/jordressurser berøres ikke, eventuelt kun noe dyrkbar jord.	Ingen eller minimal andel av beiteområde blir berørt.		Lokalitet og funksjon blir tilnærmet uendret.		
Forbedret	Bedret arrondering. Der det ligger til rette for å slå sammen dyrka jord til større enheter etter anlegg. Forbedret tilgjengelighet.	Nye/tidligere beiteområder blir gjort mer tilgjengelig. Tidligere flyttlei og trekklei kan gjenåpnes.	Bedret arrondering av beiteområder. Reduksjon av påkjørselsrisiko for beitedyr. Bedrete forhold for utøvelse av jakt og fiske (fjerning av vandringshindre, tilretteleggings tiltak for fiskeoppgang)	Tiltaket medfører opprydding i tidligere negative tiltak, eksempelvis fjerning av fyllinger som påvirker økologiske funksjoner.	Utbyggingsalternativ som eliminerer dagens påvirkning og all belastning på eksisterende vannkilde eller større akviferer.	Gjennomføring av planen sikrer adkomst til forekomst av stor eller svært stor verdi som har forhindret uttak til nå.

Rettleiing for vurdering av påverknad

Det planlagde tiltaket vil føre til noko forringa jordbruksareal, det vil seie noko mindre fulldyrka jord. I det store bilete er dei ei mindre endring som er foreslått og planlagt tiltak omfattar berre eit mindre og isolert jordbruksareal på Mjåtveit.

Samanlikna med referansealternativet (alternativ 0) vil alternativ 1 med ei barnehageutbygging ikkje gje konsekvens i høve til naturressursar. Ei nedbygging i eit delområde med fulldyrka jord vil skje i eit jordbruksareal med låg verdi.

Skala	Trinn 2: Kriterier for fastsettelse av konsekvens for hvert alternativ
Kritisk negativ konsekvens	Svært stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Stor andel av strekning har særlig høy konfliktgrad. Vanligvis flere delområder med konsekvensgrad 4 minus (- - -). Brukes unntaksvis
Svært stor negativ konsekvens	Stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Vanligvis har stor andel av strekningen høy konfliktgrad. Det finnes delområder med konsekvensgrad 4 minus (- - -), og typisk vil det være flere/mange områder med tre minus (- -).
Stor negativ konsekvens	Flere alvorlige konfliktpunkter for temaet. Typisk vil flere delområder ha konsekvensgrad 3 minus (- -).
Middels negativ konsekvens	Delområder med konsekvensgrad 2 minus (- -) dominerer. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Noe negativ konsekvens	Liten andel av strekning med konflikter. Delområder har lave konsekvensgrader, typisk vil konsekvensgrad 1 minus (-), dominere. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
Ubetydelig konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlig endring fra referansesituasjonen (referansealternativet). Det er få konflikter og ingen konflikter med høye konsekvensgrader.
Positiv konsekvens	I sum er alternativet en forbedring for temaet. Delområder med positiv konsekvensgrad finnes. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.
Stor positiv konsekvens	Stor forbedring for temaet. Mange eller særlig store/viktige delområder med positiv konsekvensgrad. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.

Samla vurdering

Naturressursar	Alt 0 (referansealternativet)	Alt 1 (utbyggingsalternativet)
Delområde 1,2,3 og 5	Ubetydeleg verdi	Ubetydeleg verdi
Delområde 4	Låg verdi	Låg verdi
<i>Avveging</i>		
Samla vurdering	Ved ingen utbygging vil mellom anna ikkje barnehage kunne etablerast. Ubetydeleg konsekvens for tema naturressurs	Fleire barn og unge vil kunne nytta områda på Mjåtveitstø som læringsarena og aktivitetsområde, fleire bustadar med god bukvalitet kan etablerast. Positivt i eit folkehelseperspektiv. Ubetydeleg konsekvens for tema naturressurs
Rangering	Ikkje anbefalt (det dårlegaste alternativet)	Anbefalt alternativ (det beste alternativet)
Forklaring til rangering		

Resultata frå denne tabellen inngår i den samla vurderinga av ikkje prissette tema i trinn 3. For å ivareta delar av jorda og ikkje minst for å gje barna kunnskap om jordbruk og dyrking skal barna i barnehagens uteareal sjølv kunne dyrke og arbeide med jorda.

10 Samla konsekvens for ikkje-prissette tema

Her omtalar ein konsekvensane for kulturarv, for friluftsliv/by- og bygdeliv, naturmangfald, landskapsbilete og naturressursar ved ein vidareføring av dagens situasjon (referansealternativet 0), og ved ei utbygging (alternativ 1) for områda som er konsekvensutgreidd i områdeplanen for Dalstø Mjåtveitstø. Dette er i tråd med trinn 3 i den samla vurderinga av ikkje prissette tema, jf handbok.

Skala	Trinn 3: Kriterier for fastsettelse av samlet konsekvens for ikke-prissette temaer
Kritisk negativ konsekvens	Alternativet medfører svært alvorlig miljøskade. Brukes unntaksvis. Minst ett av de fem temaene har kritisk negativ konsekvens
Svært stor negativ konsekvens	Alternativet vil medføre svært stor miljøskade. Minst to av de fem temaene har svært stor negativ konsekvens
Stor negativ konsekvens	Alternativet vil medføre stor miljøskade. Minst to av de fem temaene har stor negativ konsekvens
Middels negativ konsekvens	Alternativet er vesentlig dårligere enn referansealternativet Minst to av de fem temaene har middels negativ konsekvens
Noe negativ konsekvens	Alternativet er noe dårligere enn referansealternativet Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, ingen temaer kan ha dårligere
Ubetydelig konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlig endring fra referansealternativet Positive og negative konsekvenser oppveier hverandre. Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, ingen temaer kan ha dårligere.
Positiv konsekvens	Alternativet vil være bedre enn referansealternativet Minst to temaer med positiv konsekvens. Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, ingen temaer kan ha dårligere
Stor positiv konsekvens	Alternativet vil være vesentlig bedre enn referansealternativet Overvekt av temaer med positiv konsekvens. Ingen temaer kan ha dårligere enn noe negativ konsekvens.

Tabell trinn 3	Referansealternativ 0	Alternativ 1
Kulturarv	Ubetydeleg konsekvens	Noko negativ konsekvens
Friluftsliv/by- og bygdeliv	Noko negativ konsekvens	Stor positiv konsekvens
Naturmangfald	Ubetydeleg konsekvens	Ubetydeleg konsekvens
Landskapsbilete	Ubetydeleg konsekvens	Ubetydeleg konsekvens
Naturressursar	Ubetydeleg konsekvens	Ubetydeleg konsekvens
Avveging		
Samla vurdering	Ubetydeleg konsekvens	Ubetydeleg konsekvens
Rangering	Ikkje anbefalt (det dårlegaste alternativet)	Anbefalt alternativ (det beste alternativet)
Forklaring til rangering		

11 Oppsummering og samla vurdering (ikkje-teknisk samandrag)

Samla konsekvens for planlagde tiltak i delområda gjev ein ubetydeleg konsekvens. Det er fyrst og fremst for tema kulturarv planlagd tiltak i delområde 4 har noko negativ konsekvens. Det er planlagt ein barnehage i delområde 4.

Ein eller fleire bygningar innanfor delområde 4 vil redusera det kulturhistoriske landskapet, men sjølve heilskapen til området på Mjåtveit vil framleis fungere som eit kulturhistorisk landskap utan vesentlege tap av lesbarheit - på eit kulturhistorisk landskapsnivå. Det nye tiltaket (barnehagen) vil i noko grad svekka garden Mjåtveitstø sin samanheng med landskapsnivået.

Når det gjeld kulturmiljønivået råkar delområde ein mindre viktig del av kulturmiljøet (i høve til garden Mjåtveitstøen), men nye bygningar vil kunne svekka samanhengen til kulturmiljøet. Tiltaket fører difor til eit noko forringa kulturlandskap- og kulturmiljø.

Etablering av ein barnehage her vil på den andre sida ha positiv konsekvens for friluftslivet. I sum vil utbyggingsalternativet føre til ei forbetring for dette tema. Delområda og nærområdet vil verte meir tilgjengelege, og føre til at fleire vil nytte seg av områda i framtida. Dette vil gje betre folkehelse og fleire barn og unge vil nytte seg av området. Dette er i tråd med stortingsmeldinga om friluftsliv, der friluftsliv i nærmiljøet skal prioriterast og barn og unge er prioriterte målgrupper. Ved å legge til rette for barnehage og bustad vil fleire kunne nytte naturen på Mjåtveitstø som læringsarena og aktivitetsområde.

For naturmangfaldet og for naturressursar har ei utbygging i delområda ubetydeleg konsekvens. Det er ikkje gjort funn av spesielle artar innanfor delområda og det er heller ikkje viktige naturressursar her. Delområde 4

er registrert med fulldyrka jord, men arealet er ikkje i bruk som jordbruksareal i dag og arealet er for lite og er lite eigna til framtidig jordbruk. Jorda har ikkje tilstrekkeleg jorddjupne.

Det kan vere stor skilnad på kor synleg eit tiltak er. Barnehagen er planlagt som eit klyngetun, med små låge bygningar som omkransar tunet. Nabobusetnaden mot aust er planlagt med flate tak. I det store landskapsbiletet vil planlagt tiltak ikkje vere spesielt synleg, samstundes som ein vil få gode samanheng mellom planlagde bustadar mot vest og mot aust. Den planlagde barnehagen og de planlagde busetnadane i delområda vil ikkje vere skjemmaende for menneske eller for omgjevnadene.

Samla har planlagde tiltak i delområda ubetydeleg konsekvens. Eitt av tema har noko negativ konsekvens (kulturarv) og eit av tema har stor positiv konsekvens (friluftsliv). Planforslaget med barnehage på denne tomte er positivt for folkehelsa. Det er viktig å synleggjere kulturminna og ta vare på desse, og leggje til rette for mellom anna dyrking på barnehagens uteareal. Dette kan auke barna si forståing av kulturlandskap og naturressursar.

12 Skadereducerande tiltak/avbøtande tiltak

Dei gamle steingardane innanfor delområda er viktige å bevare. Dei har verdi som kulturminne og seier noko om korleis det var før, og korleis landskapet var utforma. Dei er historiske markørar for ei tid som er tapt, slike steingardar vert ikkje bygd lenger. Det er ein steingard mot aust innanfor delområde 4 med planlagd barnehage. Steingarden skal bevarast og blir eit viktig kulturhistorisk element for barna i den framtidige barnehagen.

Kistegrøfta som òg er registrert innanfor delområde 4 skal også bevarast, samstundes som ho skal vedlikehaldas og visast fram som ein del av barnehageprosjektet. At barnehagen skal byggast som eit klyngetun, og at busetnaden tett på skal byggast med flate tak vil gje eit heilskapleg landskapsbiletet. Det er i føresegnene lagt inn krav til utforming av barnehage og utforming av busetnaden. Det skal lagast ein utomhusplan som skal vise at kistegrøft, steingard og jordareal skal bevarast, og eventuelt takast i bruk av barnehagen.

For friluftslivet er det positivt at parkeringsplassen til den planlagde barnehagen kan nyttas av alle, slik at Mjåtveitstøen og planlagd kyststi kan bli tilgjengeleg til så mange som mogleg, og dei som skal nytta badestrender i nærleiken.

Når det gjeld tema naturmangfald er det ikkje planlagt spesielle avbøtande tiltak.

Utgreiingstema	Avbøtande tiltak	Effekt	Innarbeida i reguleringsplan
Kulturarv	Kistegrøft Klyngetun Steingard Utomhusplan som skal vise at kistegrøft, steingard og jordareal skal bevarast og eventuelt takast i bruk av barnehagen.	Synleggjering av viktige kulturminne Barna vil få ein unik kjennskap til kulturminna tett på barnehagen Dette kan auke barnas forståing av kulturlandskap og naturressursar.	Ja
Friluftsliv/by- og bygdeliv	Sambruk med barnehagens parkeringsplass	Fleire vil ta i bruk området til friluftsliv Positivt for folkehelsa	Ja
Naturmangfald	Ingen		
Landskapsbiletet	Flate tak Klyngetun	Mindre synleg busetnad, i tråd med terreng og landskap	Ja
Naturressursar	Utomhusplan som skal vise at kistegrøft, steingard og jordareal skal bevarast og eventuelt takast i bruk av barnehagen.	Barna vil få kjennskap til jordbruk og dyrking i barnehagens uteareal. Dette kan auke barnas forståing av kulturlandskap og naturressursar.	Ja